



KOMMUNEPLAN BOKN KOMMUNE 2019-2031

HØYRINGSUTKAST: SAMFUNNSDELEN, 28.05.19



Forord

Framtida for Bokn er nå!

Kommunens kommuneplan skal med jevne mellomrom rulleres. Det er viktig å ha en funksjonell kommuneplan som fungerer godt i samspillet mellom alle aktører som må til for å skape et godt samfunn.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er hjemlet i plan- og bygningsloven §§11-2 og 11-1.

Proessen frem til endelig vedtak er gjennomført i samsvar med denne.

Planen bygger på kommunens egen planstrategi og på aktuelt planprogram, samtidig som den er forankret i regionale og nasjonale føringer for kommuneplanarbeidet.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigste dokumentet for kommunen sin utvikling og styring for fremtiden.

Planen skal vise hvordan Bokn kommune skal realisere mulighetene som skal til for å skape en positiv og bærekraftig utvikling i hele kommunen.

Det er viktig å få fram at kommuneplanen er en plan for absolutt hele Boknasamfunnet, enten du er kommunen, privatperson, bedrift, lag, organisasjon eller annet.

Planen skal tydeliggjøre den nødvendige satsingen som må til for å nå målet om befolkningsvekst. For de som ønsker å bo i Bokn skal det ikke være noen god grunn for ikke å gjøre nettopp det, bo i Bokn. Planen skal sørge for at Bokn styrer samfunnsutviklingen i en god og bærekraftig retning.

Kommunen sin visjon er at det skal være kjekt i Bokn. Det skal være kjekt for alle. Innbyggere, tilreisende, næringsliv, lag og organisasjoner, ja kort og godt alle skal trives i Bokn. God trivsel gir god helse. God helse gir god avkastning på så mange måter langt ut over det som er økonomisk målbart. Vi har derfor alt å tjene på legge til rette for at folk trives, har god helse og lever det gode liv i Bokn.

Kommuneplanen setter langsiktige mål og strategier for hele Boknasamfunnet.

Satsningsområder som «befolkningsvekst og bolyst», «verdskapning», «samarbeid» og «samspill» er viktige faktorer som betyr enormt hvis en tenker over hva ordene står for.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er styrende for arealforvaltningen og arealutnyttningen i kommuneplanen sin arealdel. Det er arealdelen de fleste har sterkest forhold til. Her blir tingene konkretisert i faktiske prosjekter.

For å få en bærekraftig utvikling er det avgjørende at folk vil mye.

Vi håper mange har flotte planer, og at de forslag som blir tatt inn i arealdelen blir gjennomført.

Realisme og gjennomføringsevne er to viktige punkt når arealplanen skal utarbeides. Arealdelen er tenkt startet opp straks etter at samfunnsdelen er ferdig.

Boknerane var klare i talen i folkeavstemmingen i 2016, Bokn skal være egen kommune.

Planen er utarbeidet etter nettopp dette, og politikere og administrasjon arbeider i godt samspill med innbyggere, næringsliv, lag og organisasjoner for at Bokn som egen kommune skal ha en flott fremtid.

Fremtiden er her. La oss gripe alle muligheter, la styregruppen overvinne de hverdagslige utfordringer og skap fremtiden. Våg å satse på muligheter andre ikke tror på.

Ingenting er umulig, det umulige tar bare litt lengre tid.

La oss sammen ta Bokn videre som verdens beste kommune!

Hilsen Tormod Våga, ordfører

Innhold

Samandrag.....	3
Rammer for planarbeidet.....	6
Arbeidet i arbeidsgruppene.....	8
Utfordringsbilete for Bokn kommune.....	13
Satsingsområde i planen.....	21
Retningslinjer.....	29
Handlingsprogram	35
Appendix: Temaområda som grunnlag for planarbeidet	38
Folkehelse	38
Frivillege organisasjonar	39
Idrett og kultur.....	40
Friluftsliv	41
Kyrkja i Bokn	42
Helse og Omsorg.....	42
Skule/barnehage	44
Barn og unge/oppvekst.....	47
Klima, miljø og energi	48
Samfunstryggleik og beredskap	51
Økonomi og Interkommunalt samarbeid	52
Næringsliv, Landbruk, Fiskeri/Havbruk, Turisme	54
Bustadbygging, Sentrumsutvikling, Samferdsel og kommunikasjon.....	62
Kjelder	67

Kommuneplan for Bokn kommune 2019-2031, Samfunnsdelen

Samandrag

Bokn kommune er ein kommune sterk i viljen og sterk i trua på at det vesle lokalsamfunnet har livets rett. Potensiala for vekst og vidareutvikling er store. Dette gjeld særskilt med tanke på eit av verdas største vegprosjekt: Rogfast. Rogfast er planlagd ferdig stilt om lag 2027. Tunnelløpet ser dagens lys på Laupland, Bokn.

For å kunne dra nytte av potensiala som ligg der, er det av avgjerande betydning å tenkja langsiktig og å evne å planleggje deretter.

I tillegg er det viktig å ha mot nok til å ta sjansar med mål om vekst og fortsatt berekraftige velferdsordningar.


Dei fleste av kommunane i Norge i dag står overfor store, komplekse utfordringar som klimaendringar, aukande ulikeheit blant innbyggjarane og større forsørgjarbyrde.

Samtidig blir dei økonomiske rammene strammare. Denne utviklinga utfordrar kommunen si berekraft, det vil seie evna til å sikre at innbyggjarane får dekkja nødvendige behov utan at det går ut over komande generasjonar.

Behovet for å tenkje nytt om korleis vi skal utvikle velferdssamfunnet er påtrengjande.

Vi må bli meir bevisste på kommunen si rolle i samfunnsutviklinga, men også på kva rolle innbyggjarane og privat næringsliv har. Det må tilretteleggjast for samhandling for og samskaping av eit godt lokalsamfunn for boknarane. Resultatet vil vera betre løysingar på systemnivå, auka deltaking og sterkare fellesskap i kommunen.

Bokn kommune er påverka av forholda vist til innledningsvis på same måte som andre kommunar. I tillegg opplever kommunen ein nedgang i folketalet. Skal kommunen nå målet om befolkningsvekst vil handteringa av det lokale utfordringsbiletet vera avgjerande. Visse forhold er det utfordrande å gjera noko med. Døme på dette er endra flyttemønster og sterk urbanisering som eit generelt fenomen. Det er heller ikkje enkelt, for kommunen isolert sett, å gjera noko med klimautsleppa som kjem frå aukande trafikk over Bokn. Forhold som kan påverkast lokalt må identifiserast, utredast og kommuniserast. Ein må leggje til rette for for breitt samarbeid for å finne berekraftige løysingar på til dømes fylgjene av endringar i alderssamansetjinga i kommunen og på endringane i kommunale inntekter. I juni 2018 vedtok politikarane i Bokn kommune at kommuneplanen sin samfunnsdel skulle rullerast. Det er planlagd høyring av nemnde dokument i perioden juni til august 2019. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som sådan og for kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal vera grunnlag for sektorane sine planar og for verksemda generelt i kommunen. Den skal gje retningslinjer for korleis kommunen skal gjennomføra strategiane som vert lagt og for korleis kommunen skal nå måla som er sett.



Arbeidet med rullering av samfunnsdelen har vore organisert med høg grad av innbyggjarinvolvering. Ein har i tillegg tilrettelagt for brei medverknad frå administrasjonen. Resultatet av arbeidet i dei ulike arbeidsgruppene gjev oss avgjerande kunnskap om «kor skoen trykkjer» og kor ein bør rette innsatsen for åra som kjem.

Ei samanfatting av arbeidet som er gjort i gruppene har gjeve oss fylgjande satsingsområde for perioden framover:

1. *Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst*
2. *Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og auka verdiskaping*
3. *Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid*
4. *Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private*

For å nå måla peikar dokumentet på fylgjande retningslinjer som overordna og styrande for all innsats:

1. *Bokn kommune skal fortsatt vera eigen kommune*
2. *Bokn kommune skal planleggje for at folketalet skal auka*
3. *Bokn kommune skal planleggje for å sikra innbyggjarane tilgang til tenester i samarbeidande kommune dersom tenesta ikkje blir levert direkte av Bokn kommune*
4. *Bokn kommune skal ha plan-, utviklings- og bestillarkompetanse (kompetanse knytt til kjøp av tenester) i eigen organisasjon*
5. *Bokn kommune skal planleggje for årlege budsjett/regnskapsoverskot på 3 %*
6. *Bokn kommune skal planleggje for rasjonalisering/inn sparingar inntil kroner 5 mill. (ca. 5 % av driftsbudsjettet) innan 7 år*
7. *Bokn kommune skal planleggje for formalisering av samarbeid med frivillig sektor og andre aktørar/private*

Ein sentral del av det å rullere samfunnsdelen til kommuneplanen handlar om å sjå utfordringsbiletet og prioriterte satsingsområde i lys av kommunen sin økonomiplan. Eller sagt på ein annan måte: Økonomiplanen er å rekna som ein handlingsplan eller eit handlingsprogram, for iverksetjing av naudsynte tiltak. Målet er befolkningsvekst, bulyst, fleire næringsetableringar og behovsprøvde, kostnadssparande og kompetansehevande interkommunale samarbeid. Betydninga av å evaluere og vurdere intern organisering, arbeidsform og kultur er stor. I tillegg vil det vera nødvendig å gjere enno strammare kost- nytte vurderingar før implementering av nye system og nye samarbeid. Skal ein kommune sterk i viljen og sterk i trua på å klara seg, ha livets rett, må alle steinar vendast for slik å sikre gode liv også for komande Bokna- generasjonar.



Foto: I.K Vollum, Vestfoto

Rammer for planarbeidet


Nothing about me, without me. (Valerie Billingham, 1998)

Plan- og bygningslova styrer korleis den fysiske planlegginga i ein kommune foregår.

Men, den er berre *eitt* av mange element i styringa av korleis våre fysiske omgivelser skal utformast, om enn eit svært viktig eit. Omgivelsane våre blir utforma gjennom ein kombinasjon av dei juridiske rammene plan- og bygningslova set for prosessen, konkrete mål for løysningar gitt i lovverket og i forskrifter, og faglege metodar og framgangsmåtar innaføre planlegginga.

Stortinget legg rammene for korleis kommunane kan styre utforminga av dei fysiske omgivelsane. Det omfattar både vern av areal - som dyrka mark, verdifulle naturområde, rekreasjonsområde samt areal for utbygging av bustader, næringsverksemd, vegar, jernbane m.m. Planlegginga skal fremja heilheitstanken ved at sektorane, oppgåvene og interessene i eit område blir sett i samanheng gjennom samordning og samarbeid om oppgåveløysing mellom sektormyndigheiter og mellom statlege, regionale og kommunale organ, private organisasjonar og institusjonar, og sist, men viktigast av alt: Innbyggjarane og ålmenta. Planlegginga skal byggje på økonomiske og andre ressursmessige forutsetningar for gjennomføring og skal ikkje vera meir omfattande enn nødvendig. Planar skal bidra til å gjennomføre internasjonale konvensjonar og avtalar innaføre lova sitt virkeområde. Vedtatte planar skal vere eit felles grunnlag for kommunal, regional, statleg og privat verksemd i planområdet, sjå figur 1: Plansamanheng.

Figur 1. Plansamanheng



(Ill.: Ref. Gunnar Ridderstrøm, Michael nr. 2/2018)

Plan og bygningslova sin formålsparagraf seier fylgjande:

§ 1 - 1. Lovens formål

Loven skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig. Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løysningar, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives. Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.

Innbyggjarinvolvering og medverknad, samt prinsippet om universell utforming, vert sterkt vektlagt i lova.

Eit viktig dokument, som ikkje er ein plan, er planstrategien som kommunane, i henhold til Plan og bygningslova, er pålagd å utarbeide. Kommunal planstrategi er eit nytt verktøy i plan- og bygningslova. Formålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Planstrategien fokuserer sterkt på at planlegginga skal vere behovsstyrt. Planlegginga skal ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig.

Vi finn fylgjande hovudmålsetjing nedfelt i gjeldande planstrategi for Bokn kommune, vedtatt av kommunestyret i 2016:

«Bokn skal vera eit fullstendig samfunn der innbyggjarane får dekkja ein stor del av tenestene innanfor egne kommunegrenser. Vi vil

- auke folketal og verdiskaping som varig grunnlag for korte reiser til kommunale tenester, varehandel og tenesteyting.*
- sikra innbyggjarane tilgang til tenester i samarbeidande kommune dersom tenesta ikkje blir levert direkte av Bokn kommune*
- nytta naturressursane til næringsutvikling og for å skapa trivsel og gode bumiljø.*
- at kommunen skal spele på lag med innbyggjarane»*

På bakgrunn av dette er ein no i ferd med, blant anna, å rullere kommuneplanen sin samfunnsdel for slik å møte hovudmålsetjinga i planstrategien.

Arbeidet i arbeidsgruppene

«Planlegging handlar ikkje om dei vala vi skal ta i framtida, men om framtida til dei vala vi tek i dag.»

-ukjent-

Planlegging for framtida er blant det mest utfordrande ein kan halde på med. Vi freistar å prognostisere klima, befolkningsutvikling og flyttemønster. Vi veit at vi vil møte overraskelsar, men ikkje kor eller når. Mange hensyn skal takast heile tida.

Helsehensyn har vore med i lovgjevinga heilt sidan den fyrste bygningslova av 1827. Ei av målsetjingane i dagens lov om planlegging og byggjesaksbehandling (Plan og bygningslova), er å fremje befolkninga si helse og motvirke sosiale helseforskjellar.

- *Bygningslova er vår viktigaste helselov, skal den legendariske stadsfysikus i Oslo, Fredrik Mellbye (1917- 99), ha sagt.*

Å bestemme kor vegar, industri, forretningar, hyttefelt, naturområde og bustader skal liggje, er bestemmelsar som får fylgjer i lang tid, men som verkar direkte inn på blant anna helsa til innbyggjarane på både kort og lang sikt.

Det ligg mykje makt i planarbeid, og planlegging må difor byggje på kunnskap. Samfunnsplanlegging kan aldri bli noko anna enn forsøk på å redusere innslaget av tilfeldigheiter og biverknader av ulike aktivitetar og tiltak. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere eit styringsreiskap på lik linje med kommunebudsjettet og skal brukast av administrasjonen i den daglege drifta av kommunen. Den skal vere retningsgjevande for den politiske aktiviteten, og for vedtak og prioriteringar i enkeltsaker. Den skal seie noko om ressursane og utfordringane for kommunen til eikvar tid og skal vere styrande for dei prioriteringane kommunen gjer i forhold til dei ressursane ein har til disposisjon.



Foto: Armand Svendsen

I samband med godkjenning av kommunen sitt planstrategidokument for perioden 2016-2019, vedtok kommunestyret i sak 068/16 at det ikkje skulle gjennomførast hovudrevisjon av gjeldande kommuneplan, *Kommuneplan Bokn kommune 2012-2024*, i den inneverande planperioden. Naudsynte endringar i kommuneplanen sin arealdel vart likevel gjorde for å sikre at vedtekne strategiar vart rettskraftige. På bakgrunn av dette såg ein behovet for også å ta fatt på ein revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel:

« Bokn kommunestyre vedtar å starte arbeidet med rulling av kommuneplanen sin samfunnsdel. Rådmannen får fullmakt til å setje i verk dei naudsynte tiltaka for å organisere arbeidet med planprogrammet, med sikte på at dette kan sendast ut på høyring saman med vedtak om oppstart av arbeidet inneverande år.»



Foto: Hans Faye

Rulling av kommuneplanen sin samfunnsdel, er heimla i Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.juni 2008 (Plan- og bygningslova). Kommuneplanutvalet (formannskapet) har vurdert og godkjent forslaga til samansetjing av både arbeidsutval (representantar frå administrasjonen) og arbeidsgrupper innaføre vedtatte temaområder.

Arbeidsgruppene, åtte i talet, har arbeidd godt med det formål å sikre medverknad i planprosessen, dette i henhold til § 5-1 i Plan og Bygningslova. Det har vore brei representasjon i gruppene med engasjerte representantar frå frivillige lag og organisasjonar, frå samarbeidspartar/interkommunale organ og frå privat næringsliv. I tillegg har born og unge sine interesser blitt ivaretatt ved at skulen har gjennomført eit eige prosjekt i samband med rullinga. Dei åtte ulike gruppene har hatt fokus på kvar sine fagtema basert på vedtatte temaområde henta frå planprogrammet.

Dei åtte gruppene har arbeidd med fylgjande temaområder:

Folkehelse, Frivillige organisasjonar, Idrett/Kultur, Friluftsliv, Kyrkja i Bokn, Helse og Omsorg, Skule/Barnehage, Barn/Unge, Klima og Miljø, Energi, Samfunnstryggleik og beredskap, Økonomi, Interkommunalt samarbeid, Næringsliv, Fiskeri og Havbruk, Landbruk, Turisme, Bustadbygging, Sentrumsutvikling, Samferdsle og kommunikasjon

Arbeidet i gruppene viser til ein aksept av at dei langsiktige utfordringane for kommunesamfunnet fyrst og fremst, handlar om noko så overgripande og utfordrande som at folketalet i kommunen går ned. Som ei fylgje av endra inntektssystem frå staten, samt reduserte skatteinntekter, er kommunen ekstra sårbar for endringar i demografiske forhold. Ei proaktiv tilnærming til alle tenkjelege måtar å rigge eit attraktivt samfunn på, vil vera avgjerande på kort og lang sikt. Det vil vere behov for å utrede nye måtar å sikre inntektene til kommunen på samt iverksette ein grundig gjennomgang av alle tenesteområde for optimalisering av tilboda til innbyggjarane.

Kommunen, innbyggjarane og privat næringsliv må gå saman om å rigge samarbeidsmodellar på tvers av forvaltningsnivå, på tvers av kompetanse og sektorar, på tvers av politiske meininger og på tvers av idear. Slike samarbeid byggjer sosial kapital; ein kapital som vert spegla i gjensidig tillit, handlekraft og god helse.

Når det kjem til dei kommunale sektorane isolert sett, peikar arbeidsgruppene særleg på reduserte budsjett og på større krav frå innbyggjarane. Ein ser og utfordringar knytt til rekruttering av fagpersonell generelt.

For å nå målet om befolkningsvekst, vil det vera avgjerande å tilrettelegge for sosiale møteplassar for både innbyggjarar, for arbeidstakarar og for tilreisande. Ein lyt rigge systema slik at ein ivaretek den psykiske helsa hjå born og unge, men like fullt hjå dei mange eldre i kommunen. For å kunne ta del i «kampen om næringsetableringane» må ein kunne tilby gode, forutsigbare, berekraftige og klimavenlege infrastrukturelle fasilitetar. Kommunen lyt systematisere og optimalisere samarbeidet med privat sektor. Initiativ skal møtast med positivitet og effektiv sakshandsaming.

Frå arbeidsgruppa Folkehelse,
Frivillige organisasjonar,
Idrett/Kultur, Friluftsliv, Kyrkja i
Bokn kan ei lese:

«Ein vesentleg del av opplevd helse handlar om tilknytning, samvær med andre og deltaking i meningsfulle aktivitetar. For mange er arbeidsplassen ein slik arena, for andre representerer fritida arenaen der grunnlaget for det gode liv vert lagt.»



Foto: Hans Faye

Arbeidsgruppa trekkjer fram frivillige lag og organisasjonar som heilt sentrale i å få til dette. Gruppa peikar vidare på betydninga av å leggje til rette for dialog og samarbeid med frivillig sektor, med innbyggjarar og med næringsliv.

Det vert også, frå fleire av arbeidsgruppene, peika på at tilgang og nærleik til sjø og strandsoner har avgjerande betydning for livskvaliteten til innbyggjarane i Bokn kommune. Det handlar rett og slett om kven boknarane er; eller sagt på ein annan måte: Identiteten til innbyggjarane er bygd med utgangspunkt i, historisk, det å vera øybuarar omkransa av sjø på alle kantar. Tilgangen til sjø, samstundes som ein sikrar tilfredsstillande vern av strandsona, vil vera avgjerande for livsgrunnlaget til boknarane.



Helse og omsorgssektoren peikar på betydninga av å tilrettelegge for at innbyggjarane kan få bu heime lengst mogleg. I tillegg vektlegg sektoren samarbeidet inn mot frivillige lag og organisasjonar. Oppfølging av yngre vaksne med psykiske og eller ruslidelsar har allereie høgt fokus i sektoren; fokuset vil likevel auke i åra som kjem.

Næringane som representerer størst bidrag til samla bruttonasjonalprodukt er, i eit lokalt perspektiv, fiskeri og havbruksnæringa, landbruk og jordbruk samt plastindustri.

Potensialet for nyetableringar innan servicenæringar i kommunen er stort. Kommunen ynskjer å vera bidragsytar og katalysator for at desse etableringane skal finna stad fram mot realiseringa av Rogfast. Det vert, frå arbeidsgruppene, vist til betydninga av å styrkje Førsvik som sentrum parallelt med at busettingsinitiativ vert tekne positivt imot uavhengig av kor ein ynskjer å busetje seg på øyene som dannar Bokn kommune. Det vert peika på behovet for, og antatte auka utgifter til, tilpassing til globale klimaendringar. Kommunen står overfor eit vedlikehaldsetterslep parallelt med at krava til god planlegging og drift, aukar. Ein vil oppretthalde det høge fokuset på å få alle husstandar til å knytta seg på det kommunale vassverket for slik å sikra tilfredsstillande drikkevannskvalitet til alle. Trygg og god drikkevannskvalitet til alle er mellom anna ein viktig faktor for å jamne ut sosial ulikheit i helse og difor eit satsingsområde for kommunen.

Eit av satsingsområda til kommunen er vidareføring og vidareutvikling av gode interkommunale samarbeid for ivaretaking av viktige innsatsområde som mellom anna samfunnstryggleik og beredskap. I tillegg vil kommunen setja av ressursar til vidareutvikling av samarbeid også innaføre IKT (informasjonsteknologi) og innkjøpsordningar.



Foto: Marie Vågshaug

Foto s. 11:

Øvst: Armand Svendsen

Øvst venstre: Tom-Inge Aksdal

Nede venstre: Hans Faye

Øvst høgre: Tom-Inge Aksdal


Nede høgre: Janne Elisabeth Ytreland

Utfordringsbilete for Bokn kommune

Som for landet elles har innbyggerane på Bokn generelt sett gode liv. Kommunen som organisasjon fungerer også svært godt trass utfordringar knytt til både økonomi og andre påverknadar. Ein arbeider for å finne løysingar - og ein finn dei.

Det er tette band mellom menneska og langt på veg dei fleste ville svara ja på spørsmålet om ein opplever at bygda stiller opp for ein. Dei aller fleste har eit arbeid å gå til og arbeidsløysa ligg under snittet for både fylket og for landet under eitt. Mange opplever med det, det eksistensielle og viktige: Å høyra til.

Figur 2. Arbeidsløyse, 15-74 år, kjønn samla



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank. Arbeidsløyse, 15-74 år, kjønn samla for landet, Rogaland, Bokn.

Arbeidsløyse er ein av dei viktigaste faktorane som påverkar helsa negativt til den det gjeld og til dei nærmaste. Det er difor avgjerande å leggje til rette for at innbyggjarar i ein kommune har eit arbeid å gå til og aller helst at dette arbeidet er å finna lokalt. Mens arbeidsløysa i 2016 var bratt stigande er den no i april 2019 for landet og Rogaland som heilheit nede i 2,4 % og for Bokn heilt nede i 1,4 %.

Tabell 1: Pendlarmatrise per 4. kvartal 2018

Arbeidsstedskommune:	Haugesund	Bokn	Tysvær	Karmøy	Vindafjord	Etn	Sveio	Sum arbeidsplassar
Bostedskommune:								
Haugesund	12077	54	1571	4906	320	58	817	19803
Bokn	23	198	25	31	2	1	0	280
Tysvær	952	46	2286	651	215	31	142	4323
Karmøy	2506	30	584	11724	97	22	178	15141
Vindafjord	251	20	251	205	3324	377	60	4488
Etn	22	0	8	15	145	130	5	1501
Sveio	215	1	37	48	14	3	1075	1393
Sum sysselsette	16046	349	4762	17580	4117	179	8	2277

(Kjelde: Tabell laga av rådmann Jan E. Nygård)

Som pendlarmatrisa ovanfor viser til, både bur og arbeider ca. 71 % av boknarane i eigen kommune. Pendling som faktor i arbeidslivssamanheng *kan* påverke organisasjonstilknytning då tida ein brukar på å flytte seg frå heim til arbeid «stel» tida ein kunne vore aktiv i politikk eller i frivillige lag og organisasjonar. Ynskjer ein eit aktivt organisasjonsliv har ein difor alt å tene på at arbeidsplassane er å finna i eigen kommune. Dette er likevel ikkje noko kommunen som organisasjon kan løyse åleine. Samhandlinga og samskapinga med privat sektor kan difor bety eit vere eller ikkje vere.

151 personar på Haugalandet pendlar inn til kommunen. Alle desse 151 personane er viktige ambassadørar for kommunen som bustad-kommune, som fritidsbustadkommune samt for kommunen som tenesteleverandør - dette då til samanlikning omkringliggjande kommunar. Kva skal så til for at nokre av dei som pendlar inn, vel å busette seg i kommunen?


Det er høg aktivitet i kommunen både administrativt, politisk, i det private næringslivet og i frivillig sektor. Ein erfarer likevel at utviklinga på ulike plan går skremmande fort og at ein difor lyt intensivere innsatsen på tilsvarande mange ulike felt - for slik å halda tritt både regionalt, men også nasjonalt. Kommunen opplever ein nedgang i folketal. Det vert fødd færre born i kommunen enn tidlegare. Befolkninga blir eldre, men er like fullt ved god helse. Dette er svært positivt og lyt fortsatt fremjast. Ei aldrande befolkning gjev økonomiske utfordringar ved at utgiftene til å oppretthalde dagens standard og dekningsgrad i tenestetilbodet vil auke kraftig. Ein større andel av befolkninga vil ha og motta pensjon i staden for høgare arbeidsinntekt som inntektskjelde. Det vil bli krevjande å auka skattebyrda for den enkelte. I tillegg ser kommunen mot eit scenario med lågare inntektsoverføringar frå staten. Det vil bli tvingande nødvendig å kartleggje andre potensielle inntjeningsmoglegheiter.

Figur 3. Befolkningsvekst



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank. Befolkningsvekst for landet, Rogaland, Bokn.

Figur 4. Fødde



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank. Fødde for landet, Rogaland, Bokn.

Det er svært gledeleg å sjå at det prosentvis bur få born i låginntektshushaldningar i kommunen. Dette talet heng likevel saman med aldersfordelinga: Ein høg andel av innbyggjarane er godt vaksne. Det fell difor naturleg at det ikkje bur mange born i hushaldningar med låg inntekt då desse hushaldningane allereie er få i talet. Tendensen ser ut til å vera den same for åra som kjem sjølv når ein legg høg nasjonal vekst til grunn for framskrivingane. Ei av retningslinjene for alt arbeid i Bokn kommune tek opp i seg dette og seier som følgjer:

Retningslinje nr. 2:
 Bokn kommune skal planleggje for at folketallet skal auka


Tabell 2: Framskrivning befolkningsutvikling i Bokn 2018 - 2040

- høg nasjonal vekst + 1% vekst frå 2029

Aldersgruppe	2018	2020	2025	2030	2035	2040
0 - 5 år	47	53	48	53	52	49
6 - 15 år	115	94	86	94	98	99
16 - 66 år	518	522	512	500	482	455
67 år og eldre	164	172	173	185	198	222
Sum	844	841	819	831	830	825


(Kjelde: Tabell henta frå Planprogrammet; laga av rådmann Jan E. Nygård)

Figur 5. Nettoinnflytting



Kjelde: Kommunehelse statistikkbank. Nettoinnflytting for landet, Rogaland, Bokn.


Figur 6. Befolkning i yrkesaktiv alder



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank. Befolkning i yrkesaktiv alder for Rogaland og Bokn.


Alderssammensetninga i kommunen gjev seg utslag i færre i arbeidsfør alder. Låg innflytting bidreg negativt. Andelen innbyggjarar i arbeidsfør alder har halde seg stabil, men ein noterer seg at kurva no endrer seg noko.

Figur 7. Personar som bur åleine



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank. Personar som bur åleine for landet, Rogaland, Bokn.


Figur 8. Born som bur i hushaldningar med låg inntekt etter kommunale grenser for låg inntekt



Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank. Born i låginntektshushaldningar for landet, Rogaland og Bokn.

Kommunen har framleis eit uavklåra potensiale i realiseringa av det store vegprosjektet Rogfast. Det er ingen som kan spå framtida med sikkerheit og det er difor utfordrande å seia noko om Rogfast i seg sjølv vil bety automatisk folketalsauke eller om ein, tvert om, vil oppleve at øykommunen vert offer for «korridor-effekten». Ein korridoreffekt betyr enkelt forklåra at den antatte auken i trafikken ikkje vil få nemneverdig betydning for kommunen på noko vis, men at dei reisande passerer i enno høgare fart enn tidlegare (ein framtidig 4-felts motorveg bidreg til auka hastigheit). At auka trafikk passerer forbi på framtidige E39 utan verken å sjå innom, fylla drivstoff, handle på butikken eller rett og slett busetje seg, vil vera svært uheldig. Dei uavklåra potensiala blir opplevd som hemmande på ulike utviklingsprosessar og ein kan med fordel, i enno større grad, våga seg på ulike prosjekt sjølv om ikkje framtida er lagt. Det viktigaste kommunen kan gjera er å leggje til rette for eit framtidsscenario som representerer vekst innaføre samtlege område omtala så langt. Den einaste veksten ein skal førebyggje er vekst i klimagassutslepp. Skal vi tru tal frå Miljødirektoratet har kommunen all grunn til å vera optimistiske. Berekningar tilseier ein reduksjon i klimagassutslepp over Bokn, truleg basert på ei auke i el- bilar og i ei tungtransportnæring med stadig aukande fokus på betre utnyttelsesgrad for drivstoff (reduert klimagassutslepp) og på miljøvenlege løysingar.


Figur 9. Klimagassutslepp frå vegtrafikk, Bokn kommune
(berekningar basert på ei geografisk avgrensing lik kommunegrensa)



Kjelde: www.miljokommune.no/Miljodirektoratet.
(Berekningar basert på ei geografisk avgrensing lik kommunegrensa)

Dei samla klimagassutsleppa for Bokn kommune viser tydelege teikn til å gå ned. Dette er både positivt og nødvendig. Tala byggjer opp under kommunen sitt ynskje, på fleire område, om å iverksette tiltak for ytterlegare fokus på klima og miljølutfordringar for slik å bidrar til måloppnåing jamfør FN`s berekraftsmål. Det er flott å notere seg at m.a. landbruksnæringa lokalt tek grep med omsyn til utfordringar knytt til plast.


Figur 10. Klimagassutslepp totalt, Bokn kommune



Kjelde: www.miljokommune.no/Miljodirektoratet

Tala for totalt utslepp av klimagassar i 2009 i denne figuren, viser nær ei fordobling av utsleppet i høve til utsleppet for 2008, slik det går fram av figur 4 i Energi- og klimaplanen for kommunen. Det er ikkje sannsynleg at dette kan vera tilfelle, og i samband med arbeidet med rullering av Energi- og klimaplanen må tala for utslepp mv., kvalitetssikrast.

Figur 11. Klimagassregnskap: Skog og annan arealbruk



Kjelde: www.miljokommune.no/Miljodirektoratet

Figuren ovenfor viser ei oversikt over utslepp og opptak frå sektoren "skog og anna arealbruk". Negative tall betyr opptak av klimagassar, medan positive tall betyr utslepp. Den stipla linja viser netto utslepp eller opptak.

Trass eit nytt, stort vegprosjekt som Rogfast, aukande trafikk og andre nasjonale og globale utfordringar, er det viktig å med seg gode nyheiter når det gjelde lufta vi skal puste inn og vatnet vi skal sløkkja tørsten med. Bokn kommune ynskjer å satsa på at enno fleire skal ta beina fatt - både som transportmiddel til og frå jobb, men også i andre samanhengar. Ar fleire av innbyggjarane vel å reisa kollektivt vil ha effekt både for lokale klimagassutslepp, men også på det regional/nasjonale biletet. Det er difor viktig å leggje til rette for eit betre kollektivtilbod. Å få næringane med på lag innføre alle klima og miljøområder vil gje innbyggjarane lokalt gode rammevilkår for god helse. At kommunen er ein del av eit større heile og difor lyt ta grep, gjev helsegevinstar også ut over egne kommunegrenser.

Satsingsområde i planen

Arbeidsutvalet, oppnemnd av planutvalet (formannskapet), har vidare og i samarbeid med leiarane av arbeidsgruppene, leita fram det som skil seg ut som særleg viktig å satsa på og som fleire av gruppene, trass fagleg og sektorvis tilnærming, har peika på.

Eit område som straks vert framheva er det vi ved fleire anledningar allereie har referert til, nemleg det faktum at folketalet går ned. Med dette som bakteppe vert det tydelegare enn på fleire år, at ein lyt intensivere arbeidet med å marknadsføre kommunen, med å skape bulyst hjå dei som allereie bur her samt leggje til rette for at andre skal ynskje å flytte hit. I tillegg har kommunen alt å tene på å leggje til rette for både bygging av, men og omdisponering av bustadar, til fritidsbustadar for tilreisande.

Ei samanfating av arbeidet som er gjort i gruppene har gjeve oss fylgjande satsingsområde for perioden framover:

1. Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst
2. Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og auka verdiskaping
3. Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid
4. Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private

Dei prioriterte satsingsområda representerer resultatet av å ha sett arbeidet i arbeidsgruppene under eitt.

Med henvisning til Planprogrammet av 19. oktober 2018, Bokn kommune finn vi:

Samfunnsdelen skal gje retningsliner for sektorane si verksemd, men lova angir ikkje nærare kva slags retningsliner som skal gjevast.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet seier i ein lovkommentar at fylgjande punkt kan vera eit utgangspunkt for innhaldet i retningslinene i samfunnsdelen:

- *Langsiktige utfordringar for kommunesamfunnet*
- *Langsiktige utfordringar for sektorane enkeltvis og i samarbeid*
- *Miljømessige utfordringar, vurdering av fysiske konsekvensar for planen sine utviklings- og vernestrategiar, som grunnlag for arealplan*
- *Prioriterte satsingsområde og område for spesielle verkemiddel*
- *Retningsliner for handlingsprogram og økonomiplan*
- *Retningsliner for kommunen sitt planarbeid*

Arbeidsgruppene vart bedne om å leggje punkta ovanfor til grunn for arbeidet i dei ulike arbeidsgruppene der total 21 temaområde vart utreda. Arbeidsgruppene leverte så eit produkt relatert til respektive temaområde, etter oppsettet:

Målsetting

Status

Utfordringar

Tiltak

Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst

Folketallet i kommunen går ned. Prognosane ein har lagt til grunn for utvikling av kommunen har ikkje vore realistiske. Noko av årsaka til dette er at det store vegprosjektet Rogfast, som gjev ferjefri- forbindelse til sørfylket, er forseinka med tett på 10 år. Tala ein no legg til grunn for samfunnsplanlegginga vidare, er betydeleg meir moderate.

Sentrale faktorar for auka bulyst og for tilflytting er tilgangen til sosiale møteplassar. Like viktig er tilgang til arbeid i kommunen eller i nærområdet. Det må finnast arbeid til minst ein av to vaksne i det ein tenkjer på som ein gjennomsnittleg husstand. Det vil og vera av avgjerande betydning å få innbyggjarane i kommunen med på lag for å leggja til rette for å ta vel imot innflyttarar.

Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst

Då må vi skapa gode møteplassar

Difor skal vi...

- ° Etablere sosiale møteplassar lokalisert i tilknytning til eksisterande fritidsarenaer/skule/bibliotek/idrettsanlegg samt kyrkja i Bokn
- ° Etablere offentlege møteplassar i sentrum (Føresvik)
- ° Vidareutvikle tilbod knytt til Bokn Arena spesifikt
- ° Intensivere samarbeidet med innbyggjarar, frivillig sektor og andre
- ° Leggje til rette for at alle kan delta i arbeids-, samfunns - og organisasjonslivet

Då må vi styrkja Førsvik som sentrum.

Difor skal vi...

- ° Intensivere samarbeidet med privat næringsliv om viktige ny- etableringar
- ° Leggje til rette for etablering av nytt bustadareal og sentrumsfunksjonar ved samfunnsnyttig bruk av steinmassar frå Rogfast-utbygginga
- ° Leggje til rette for tilstrekkeleg antal bustader for alle livsfasar, i varierte og trygge bumiljø
- ° Sikre effektivt og godt planarbeid for framtidige bustadprosjekt
- ° Planleggje miljøgata
- ° Avvikle område i kommuneplanen som ikkje blir bygd ut i planperioden

Då må vi oppretthalde spreidd busetnad.

Difor skal vi...

- ° Bidra til at eldre og innbyggjarar med funksjonsnedsettelsar kan bu heime lengst mogleg
- ° Leggje til rette for fleire gang - og sykkelstiar og for betre kollektivtilbod i alle deler av kommunen
- ° Opne for bygging av eit nærare fastsett tal spreidd busetnad i alle deler av kommunen i samband med rullering av arealdelen av kommuneplanen
- ° Vidareføre arbeidet med å knytte alle deler av kommunen til det offentlege vassverket
- ° Arbeide for å gje landbruket gode rammevilkår



Foto: Ida K.Vollum, Vestfoto

Då må strandsona nyttast i eit helsebringande og berekraftig perspektiv

Difor skal vi...

- ° Arbeide fram gode, berekraftige løysingar for utbygging jf. «Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen»
- ° Leggje til rette for auka samhandling med innbyggjarane for vern av sårbare strandsonerområder
- ° Leggje til rette for auka bruk av strandsona for ålmenta
- ° Sikre ålmenta tilgang til kai- og båtplassar

Då må vi ha ein god barnehage og ein god skule

Difor skal vi...

- ° Sikre tidleg, tverrfagleg og pedagogisk tilfredsstillande innsats
- ° Sikre barn og unge kompetansar for framtida
- ° Arbeide systematisk for å gje alle born og unge like moglegheiter
- ° Oppgradere/bygge ny skule
- ° Utarbeide plan for oppvekst i Bokn kommune

Då må vi ha tilgang til naturen

Difor skal vi...

- ° Leggje til rette for utviklingssamarbeid med berørte grunneigarar
- ° Sikre gode moglegheiter for allsidig friluftsliv for alle innbyggjarar
- ° Planleggje for forutsigbarheit i vedlikehald og drift av friluftslivsområda
- ° Arbeide for å etablere gang/turvegen Føresvik/Alvestadkroken i samsvar med gjeldande reguleringsplan
- ° Leggje til rette for parkering/oppstillingsplassar nær attraksjonar/turområde.

Då må vi marknadsføre kommunen godt

Difor skal vi...

- ° Kartleggje kva som er viktig for dei som vurderer å busetje seg i kommunen, jf. «Bostedsevaluering Bokn 2017»
- ° Utvikle kommunal kommunikasjonsstrategi for å byggje merkevara «Bokn kommune»
- ° Opprette eigen komité for å vurdere tiltak for å auke folketalet
- ° Opprette eige Rogfast-utval som har hovudfokus på korleis kommunen kan vere i forkant og utnytte potensialet i denne utbygginga
- ° Arbeide for auka aktivitet innføre fritidsbustad- segmentet

Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og for auka verdiskaping

Næringslivet i Bokn kommune har tradisjonelt vore basert på fiskeri og landbruk. I dag er dei fleste sysselsette i til dømes industri og servicenæringar. Men, primærnæringane representerer framleis hovudinntektskjelda til fleire av innbyggjarane i kommunen. Tilgangen til sjø på alle kantar gjev kommunen fortrinn innaføre sjøretta næringar. Dette har, over år, hatt positive ringverknader. Bedriftsetableringar med fokus på sal av tenester til dei sjøretta næringane finn framleis stad. Ei av hjørnesteinsbedriftene i kommunen er ein av dei sentrale leverandørane til mellom anna akvakulturnæringa som i dag er ei betydeleg næring i kommunen.

Kommunen har ein viktig posisjon som den største sysselsettaren, planmyndigheit og arealforvaltar. Kommunen har difor ei sentral rolle i utviklinga av det lokale næringslivet, mellom anna som tilretteleggjar for utvikling av til dømes infrastruktur og andre drivarar. Det er avgjerande at kommunen møter initiativa frå næringslivet med optimisme, faglegheit og effektiv saksbehandling. For å ta del i framtidig næringsutvikling i regionen er det viktig at kommunen har fokus på gode tenester, god infrastruktur, attraktive stader å bu, moglegheiter for næringsetablering og eit godt omdømme.

Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og for auka verdiskaping

Då må vi nytta naturressursane til næringsutvikling

Difor skal vi...

- ° Vere pådrivar for berekraftig drift av landbruksareala og sterkt jordvern
- ° Forvalte sjøareala på ein forutsigbar og berekraftig måte
- ° Leggje til rette for utvikling av naturbaserte produkt (innan fiskeri, havbruk, landbruk også i fellesskap)
- ° Invitere til samarbeid med relevante aktørar med tanke på utvikling av turisme
- ° Stimulere til Inn På TUNET- verksemd i landbruket
- ° Utarbeide plan for fiskeri og havbruk innan 2023

Då må vi ta i bruk tilgjengelege verkemiddel

Difor skal vi....

- ° Tydeleggjere kommunen si rolle som fyrstelinje-teneste inn mot gründerar og bedrifter
- ° Vere pådrivar for at verkemiddelapparatet, gründerane og bedriftene møtest
- ° Vere pådrivar og tilretteleggjar for kompetanseheving på tvers av bransjar
- ° Utarbeide, saman med næringa, plan for turisme som næring: «Meet the locals»
- ° Etablere (politisk) arbeidsgruppe innaføre turisme.

*Då må vi disponere areala på ein hensiktsmessig måte som fremmer etableringslyst
Difor skal vi....*




Foto: Tom-Inge Aksdal

- ° Vere positive, lydhøyre og effektive i møte med næringane
- ° Vere ryddige, fagleg sterke og effektive i all plan - og byggesaksbehandling
- ° Forvalte lovverket og hensynta interessene på ein måte som gjev berekraftig arealdisponering
- ° Sikre fleksibilitet i arealbruk i kommunen sine sjø- og landområde med tanke på vidareutvikling av fiskeri- og havbruksnæringa
- ° Sikre areal for næringsutvikling knytt til sjøretta verksemd
- ° Sikre areal for bygging av fritidsbustadar



Foto: Marie Vågshaug

Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid

Samfunnsutviklinga skjer i eit høgare tempo enn noko gong før. Forvaltninga er under press frå internasjonale, men og frå nasjonale hald. Kommunesamanslåingsspørsmålet er dagleg del av nyheitsbiletet nasjonalt. Integreringspolitiske spørsmål, klima og miljøspørsmål samt auka krav til å involvere innbyggjarane i det som angår liva deira, stiller store krav til den einskilde kommune i Norge i dag.

For å møte utfordringane særleg knytt til større krav til kapasitet og kompetanse, har Bokn kommune satsa på interkommunalt samarbeid, og kjøp av tenester frå andre kommunar. Interkommunale samarbeid må evaluerast, vidareutviklast, og detaljerast meir i handlingsplanen med mål om å levere tenester til innbyggjarane på Bokn, på eit høgt fagleg og økonomisk lønnsamt nivå.

Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid

Då må vi ha kunnskap om kva effekt vi vil oppnå som fylgje av samarbeidet

Difor skal vi....

- ° Syte for at kommunen har tilfredsstillande kunnskap om lokalt utfordringsbiletet
- ° Syte for at kommunen har tilfredsstillande bestillarkompetanse basert på utfordringsbiletet
- ° Jamlege evaluere effekten av eksisterande samarbeidsavtalar og korrigere ved behov

Då må vi vere kost/nytte - orienterte for optimalisering av avtalar

Difor skal vi....

- ° Syte for at kommunen har tilfredsstillande bestillarkompetanse
- ° Evaluere alle eksisterande samarbeid
- ° Leggje til rette for nye samhandlingsmodellar
- ° Intensivere bruk av digitale verktøy for deltaking i ulike geografisk krevjande samarbeid
- ° Vurdere intern ressursbruk for ivaretaking av vedtatte samarbeid

Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private

Reduserte kommunale inntekter kombinert med større krav til omfang og kvalitet i den kommunale tenesteytinga, vil krevje at rollefordelinga mellom kommunen og mottakarane av kommunale tenester må vurderast på ny.

Kommunen må i langt større grad spele på frivillig sektor når tenestene skal ytast, og kommunen si tilretteleggjarrolle bør t.d. styrkast med ein frivillegheitskoordinator, slik det er peikt på frå helse- og omsorgssida. I tillegg til perspektivet vist til ovanfor, er tilrettelegging for optimale vilkår for frivillig sektor avgjerande for å sikre sosiale møteplassar som i seg sjølv byggjer opp under mellom anna god psykisk helse. Å fremje god fysisk og psykisk helse bidreg til reduserte kostnader innaføre helse og omsorgssektoren både på kort og på lang sikt. Eigenverdien i frivillig sektor er umogleg å setja kroneverdi på, og difor lyt vi verne om denne så langt det let seg gjere og så langt sektoren sjølv inviterer til samarbeid.

Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private

Då må vi ha driftige lokalmiljø

Difor skal vi...

- ° Leggje til rette for aktive lokaldemokrati
- ° Leggje til rette for eit godt samspel mellom innbyggjarar, kommune, frivillige og næringsliv
- ° Motivere til etablering av fleire lågterskel- tilbod slik at fleire kan delta uavhengig av funksjonsevne, økonomi og etnisitet

Då må vi føreta ei vurdering av rollefordelinga mellom kommunen og frivillig sektor

Difor skal vi...

- ° Kartlegge behova som utspelar seg i frivillig sektor
- ° Vidareutvikle og forbetre rammevilkåra for sektoren
- ° Tilby kompetansehevande tiltak
- ° Styrke kommunen si tilretteleggjar- og koordinatorrolle

Retningslinjer

Retningslinjer for gjennomføring av kommunen sine egne mål og strategiar

Frå Planprogrammet 2018-2030, Bokn kommune finn vi:

Samfunnsdelen skal gje retningslinjer for sektorane si verksemd, men lova angir ikkje nærare kva slags retningslinjer som skal gjevast.

Kommunal- og moderniserings departementet seier i ein lovkommentar at fylgjande punkt kan vera eit utgangspunkt for innhaldet i retningslinjene i samfunnsdelen:

- Langsiktige utfordringar for kommunesamfunnet
- Langsiktige utfordringar for sektorane i samarbeid og enkeltvis
- Miljømessige utfordringar, vurdering av fysiske konsekvensar for planen sine utviklings- og vernestrategiar, som grunnlag for arealplan
- Prioriterte satsingsområde og område for spesielle verkemiddel
- Retningslinjer for handlingsprogram og økonomiplan
- Retningslinjer for kommunen sitt planarbeid

Arbeidsutvalget for arbeidet med rullering av samfunnsdelen til kommuneplan har lagt anbefalingane frå Kommunal - og moderniseringsdepartementet til grunn for retningslinjene ein finn beskrive under. Målet med å bli enige om konkrete retningslinjer for all kommunal innsats, er å sikre eit sams kunnskapsgrunnlag å arbeide etter. I tillegg vil dette forenkle tilnærminga til den viktige arealdelen når den, i nær framtid, vert grunnlag for revidering. Forenkla kan ein seie at arealdelen skal spegle satsingsområda, altså: Korleis skal kommunen disponere areala for å sikre måloppnåing jamfør satsingsområda.

Langsiktige utfordringar for kommunesamfunnet

Som det går fram av utgreiinga knytt til dei einskilde tema som er omhandla i arbeidet med samsfunnsplanen, står Boknasamfunnet over for ei rekkje store utfordringar i dei neste åra.

Kommunestyret har vedteke fylgjande hovudmålsetting for inneverande valperiode:

Bokn skal vera eit fullstendig samfunn der innbyggjarane får dekkja ein stor del av tenestene innanfor egne kommunegrensar.

Vi vil

- *auke folketal og verdiskaping som varig grunnlag for korte reiser til kommunale tenester, varehandel og tenesteyting*
- *sikra innbyggjarane tilgang til tenester i samarbeidande kommune dersom tenesta ikkje blir levert direkte av Bokn kommune*
- *nytta naturressursane til næringsutvikling og for å skapa trivsel og gode bumiljø.*
- *at kommunen skal spele på lag med innbyggjarane*

Dei oppdaterte prognosane for folketalsutviklinga viser ein reduksjon i folketallet i kommunen, og å snu den utviklinga vil truleg vera den største utfordringa for kommunesamfunnet dei neste åra.


Ein nedgang i folketallet vil mellom anna innebære reduserte skatteinntekter, som saman med mindre inntekter knytt til nytt inntektssystem vil føre til redusert handlingsrom for kommunen. I tillegg vil lokalsamfunnet bli svekka: Barnehagen, skulen og frivillig arbeid får svekka rekrutteringsgrunnlag.

Langsiktige utfordringar for sektorane i samarbeid og enkeltvis

° Sektorane i samarbeid

Organisasjonen Bokn kommune er omorganisert frå 01.01.2015.
Ny organisering framgår av organisasjonskartet under.

Figur 12. Organisasjonskart Bokn kommune



Dersom det ikkje lukkast å auke folketalet, vil ein redusert skatteinnngong få konsekvens for dei økonomiske rammene sektorane må arbeide innafor.

I ytterste konsekvens kan dette føre til at talet på tilsette må reduserast, noko som saman med forventa større krav frå innbyggjarane med omsyn til omfang og kvalitet på tenestene, vil stille sektorane ovanfor store utfordringar.

Dette kan igjen føre til problem med å halde på tilsette, og rekruttere nye.

° Sektorane enkeltvis

Sentraladministrasjonen

Som for dei andre seksjonane er bemanningsspørsmålet og effektiv og optimal bruk av dei ressursane ein har til disposisjon, sentrale fokusområde.

Interkommunalt samarbeid kan medføre tap av kompetanse lokalt i kommunen. Eit fokusområde blir difor å sikre at ein, i lokal organisasjon, har kunnskap om utfordringane kommunen står i. Dette dannar vidare grunnlag for å kunne gjere dei rette avtalane når det kjem til kjøp av tenester og samarbeid. I tillegg vil det vera avgjerande å ha kunnskap om korleis ein skal evaluere effekten av både tiltak, kjøp av tenester og av ulike varaiantar av samarbeid.

Teknisk sektor

Konsekvensane av dei forventa klimaendringane vil truleg føre til store utfordringar for teknisk sektor.

Det må i tillegg forventast stadig større krav til planlegging og drift, samt førebyggjande vedlikehald av infrastruktur og kommunale bygg og anlegg.

For den sjølvfinansierte delen (VAR-sektoren) vil dette føre til auke av dei kommunale avgiftene, medan den delen som er finansiert over skattesetelen må tilpasse seg reduserte kommunale inntekter.

Helse og omsorg

Styrking av førebyggjande, helsefremmande og rehabiliterande tenester, slik at fleire kan bu heime

Skule og barnehage

Redusert barnetal og små fagmiljø

Kultur

Oppretthalde kulturmangfoldet. Eit mangfoldig kulturtilbod er ein svært viktig helsefremjande faktor for innbyggjarar i alle aldre.

Miljømessige utfordringar , vurdering av fysiske konsekvensar for planen sine utviklings- og vernestrategiar som grunnlag for arealplan

Tilpassing til eit klima i endring medfører miljømessige utfordringar. Dette att fører til konsekvensar for utforming av arealdelen i kommuneplanen når denne skal rullerast. Kommunen vil utvikla Føresvik - Alvestadkroken som tyngdepunkt i busettingsmønsteret i kommunen. Her skal det vera plankrav, høg arealutnytting og tilbud om ulike bustadtypar som einebustad, konsentrert småhus og leiligheter i blokk. Ei slik utvikling vil redusere transportbehovet i samsvar med intensjonen i overordna planar og vedtak.

Samstundes ynskjer kommunen at det skal vera mogleg å få byggja bustad i heile kommunen med siktemål å halde opp busetnaden i alle deler av kommunen. Dette inneber at det i arealplanen må opnast opp for spreidd busetnad i større grad enn noverande plan gjer.

Ei nærare vurdering av dette må kombinera ynsket om levande bygder med vern av jordbruksjord.

Bokn har ei lang strandlinje, og dette er truleg eit av dei viktigaste fortrinna kommunen har med tanke på å trekkja til seg nye innbyggjarar og næringslivsaktørar.

Ved rulleringa av arealdelen bør det vera stort fokus å finne ein balanse mellom det å leggja til rette for utnytting av strandsona til bustadbygging og næringsetablering, herunder turisme, mot ynskje om framleis å behalde store deler av denne som urørd strandsoner.

Prioriterte satsingsområde og område for spesielle verkemiddel

Utfordringa knytt til å hindre reduksjon av folketalet og strammare kommuneøkonomi vil vera styrande knytt til val av satsingsområde og område for spesielle verkemiddel. I høve til hovudmålsetjinga i den vedtekne planstrategien peikar fylgjande satsingsområde seg ut:

1. *Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst*
2. *Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og auka verdiskaping*
3. *Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid*
4. *Bokn kommune prioriterer for auka samhandling med lag, organisasjonar og andre aktørar/private*

Desse satsingsområda krev fyrste rekkje fylgjande tiltak:

- ° Tiltak for auka folketalet
- ° Tiltak knytt til behov for endra rollefordeling mellom kommunen og frivillig sektor
- ° Tiltak knytt til vidareutvikling av interkommunalt samarbeid

Tiltak for å auke folketallet

For at målet om auke i folketallet skal kunne oppnås, må det leggjast til rette for auka bustadbygging, der det vert teke sikte på å unytte det komparative fortrinn som den store strandlina i kommunen inneber.

Det må i tillegg leggjast til rette for næringsutvikling, også det med utgangspunkt i den lange strandlina kommunen har, og den strategiske plasseringa i høve til hovudferdselsåra langs kysten og E39 på land.

Utvikling av turisme bør ha spesielt fokus når det gjeld næringsutvikling.

Arealplanlegging og utvikling av gode bustadområde og attraktive næringsområde må difor vera eit prioritert satsingsområde. Kommunen si rolle vil her vera tilretteleggjar, mens utvikling av byggeområda bør overlatast til private utbyggjarar.

Det må i størst mogleg grad søkje å utnytte Rogfastetableringa for å sikre at denne ikkje berre generer korridoreffektar som har nytte berre for gjennomgangstrafikken.

Tiltak for å betre innbyggjarane sin kvardag knytt til skule, barnehage, helse og omsorg m.v. slik det går fram av utgreiinga knytt til desse tema, vil vera viktige faktorar for å gjere kommunen attraktiv som bustadalternativ.

Dette må detaljerast nærare i handlingsplanen som nemnt i pkt. 8.7.

Til sist, men ikkje minst, er det viktig å syte for ei god marknadsføring av kommunen som alternativ for busetjing og næringsetablering.

Tiltak knytt til behov for endra rollefordeling mellom kommunen og frivillig sektor

Reduserte kommunale inntekter kombinert med større krav til omfang og kvalitet i den kommunale tenesteytinga, vil krevja at rollefordelinga mellom kommunen og mottakarane av kommunale tenester må vurderast på ny.

Kommunen må i langt større grad spele på frivillig sektor når tenestene skal ytast, og kommunen si tilretteleggjarrolle bør t.d. styrkast med ein frivillegheitskoordinator, slik det er peikt på frå helse- og omsorgssida.

Dette må detaljerast nærare i handlingsprogrammet.

Tiltak knytt til vidareutvikling av interkommunalt samarbeid

For å møte utfordringane knytt til større krav til kapasitet og kompetanse, har Bokn kommune satsa på interkommunalt samarbeid, og kjøp av tenester frå andre kommunar. Dette arbeidet må vidareutviklas, og detaljerast meir i handlingsplanen.

Retningslinjer for handlingsprogram og økonomiplan

1. Bokn kommune skal fortsatt vera eigen kommune
2. Bokn kommune skal planleggje for at folketalet skal auka
3. Bokn kommune skal planleggje for å sikra innbyggjarane tilgang til tenester i samarbeidande kommune dersom tenesta ikkje blir levert direkte av Bokn kommune
4. Bokn kommune skal ha plan-, utviklings- og bestillarkompetanse (*kompetanse knytt til kjøp av tenester*) i eigen organisasjon
5. Bokn kommune skal planleggje for årlege budsjett/regnskapsoverskot på 3 %
6. Bokn kommune skal planleggje for rasjonalisering/innsparingar inntil kroner 5 mill. innan 7 år
7. Bokn kommune skal planleggje for formalisering av samarbeid med frivillig sektor og andre aktørar/private


Retningslinjer for kommunen sitt planarbeid

Retningslinjene for kommunen sitt planarbeid må ta utgangspunkt i den vedtekne planstrategien for 2016 - 2019.

Dette gjeld alt planarbeid i kommunen, men kanskje særlig arbeidet med arealdelen i kommuneplanen, som er neste steg i kommuneplanprosessen, når samfunnsdelen er vedteken.

Ut frå planstrategien må mellom anna fylgjande leggjast til grunn i dette planarbeidet:

1. Planarbeidet skal ha som utgangspunkt at Bokn skal fortsetje som eigen kommune
2. Kommunale planar skal leggje til rette for at folketalet skal auke
3. Det nåverande interkommunale samarbeidet og kjøp av tenester frå andre kommunar skal vidareutviklast der dette gir betre tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
4. Levande bygder (Spreidd bustadbygging i alle deler av kommunen)
5. Etterbruk av Arsvågen
6. Leggje til rette for kollektivterminal m.v. ved E39 på vestre Bokn (Haugalandsporten)
7. Senterutvikling i Føresvik /Alvestad
8. Vern av jordbruksjord



Handlingsprogram

Konkretiseringa av samfunnsdelen til kommuneplan kjem til uttrykk gjennom eit handlingsprogram som detaljerer og tidfester ulike prioriterte tiltak innaføre dei ulike satsingsområda (som i neste runde er knytt til dei ulike temaområda). Vurderingane som er tatt når det gjeld det økonomiske perspektivet er basert på om tiltaket får konsekvensar for ordinær drift eller om dette handlar om investeringar basert på auka budsjетtrammer og friske midlar. Fargekodinga Grøn og Raud viser til om tiltaket er prioritert under fleire temaområde. Stjerne-kodinga seier noko om at det er samheng mellom planar og revidering/utarbeiding av desse.

Tabell 2: Handlingsprogram

Tiltak Folkehelse	Investering	Drift	Framdrift	Ansvarleg	Merknad
Plan for samordning offentleg/frivillig sektor med særleg fokus på medverknadsarenaer		X	2020	Rådmann	Til vurdering i tilknytning til rullering av planstrategi
Utarbeide Plan for rekreasjon og aktiv fritid		X	2019	Rådmann	Til vurdering i tilknytning til rullering av planstrategi
Oppvekstplan med særleg fokus på medverknadsarenaer		X	2020	Kommunalsjef tenester	Til vurdering i tilknytning til rullering av planstrategi
Synliggjøre Bokn kommune som MOT-arbeidet		X	2020	Rådmann	
Tiltak Helse/Omsorg	Investering	Drift	Framdrift	Ansvarleg	Merknad
Utredde moglegheiter for å ansette frivillighetskoordinator		X	Fyrste kvartal 2020	Kommunalsjef tenester	
Utarbeide strategi for miljøarbeidertenesten rus og psykisk helseteneste		X	Fyrste kvartal 2020	Kommunalsjef tenester	
Leggje til rette for VTA tilbod lokalt - behovsstyrt (VTA= Varig Tilrettelagt Arbeid)	X			Kommunalsjef tenester	
Vurdere å vidareutvikle dag og aktivitetstilbod til alle brukergupper		X	2020	Kommunalsjef tenester	
Tiltak Skule/Barnehage	Investering	Drift	Framdrift	Ansvarleg	Merknad
Bygge ny skule	X	X	2020/2021	Kommunalsjef tenester	
Utredde og formalisere interkommunale samarbeid skule/barnehage		X	2019	Kommunalsjef tenester	
Vidareutvikling av musikk og kulturskule-tilbodet		X	2019	Kommunalsjef tenester	
Tiltak Barn/Unge/Oppvekst	Investering	Drift	Framdrift	Ansvarleg	Merknad
Oppvekstplan med særleg fokus på medverknadsarenaer		X	2020	Kommunalsjef tenester	Til vurdering i tilknytning til rullering av planstrategi
Utarbeide Plan for rekreasjon og aktiv fritid		X	2019	Rådmann	Til vurdering i tilknytning til rullering av planstrategi
Etablere barn og unge sitt kommunestyre		X	2019	Rådmann	

Tabell 2: Handlingsprogram - forts.

Tiltak Klima, Miljø, Energi	Investering	Drift	Framdrift	Ansvarleg	Merknad
Revidere energi - og klimaplan inkl. revisjon av handlingsplan		X	Første kvartal 2020	Rådmann	Til vurdering i tilknytning til rullering av planstrategi
Systematisere arbeidet knytta til overvassproblematikk*		X	2019/2020	Rådmann	
Utrede behovet for reservevasskjelde (lokal) og plassering av denne		X	2019/2021	Rådmann	
Utarbeide hovudplan VA*		X	2019/2020	Rådmann	Til vurdering i tilknytning til rullering av planstrategi
Vidareføre arbeidet med tilknytning til kommunalt vassverk til alle deler av kommunen*	X	X	2019/*2021	Rådmann	
Tiltak samfunnstryggleik og beredskap	Investering	Drift	Framdrift	Ansvarleg	Merknad
Rullering av heilskapleg overordna ROS-analyse for kommunen i tilknytning til rullering av arealdelen*		X	2020	Rådmann	Til vurdering i tilknytning til rullering av planstrategi og planprogram for arealdel
Rullering/ajourføring av beredskapsplanen*		X	2020	Rådmann	Til vurdering i tilknytning til rullering av ROS- analyse
Samarbeid om stillinga som beredskapskoordinator		X	Siste kvartal 2019	Rådmann	
Tiltak Økonomi og Interkommunalt samarbeid	Investering	Drift	Framdrift	Ansvarleg	Merknad
Systematisere evalueringa av interkommunale samarbeid og kjøp av tenester		X	2019	Rådmann	
Utrede nye inntektsmoglegheiter og gjere greie for konsekvensen av desse		X	2020	Kommunalsjef administrasjon	
Iverksetje interne prosessar for gjennomgong og optimalisering av ressursbruk		X	2019	Rådmann	

Tabell 2: Handlingsprogram - forts.

Tiltak Næringsliv, Landbruk, Fiskeri/Havbruk, Turisme	Investering	Drift	Framdrift	Ansvarleg	Merknad
Leggje til rette for årleg treffpunkt mellom kommunen og næringane		X	2019	Rådmann	
Etablere arbeidsgruppe fiskeri/havbruk/landbruk for vidare arbeid inn mot rullering av arealdel til kommuneplan		X	2019	Rådmann	
Utarbeide Plan for fiskeri og Havbruk innan 2020		X	2020	Rådmann	Til vurdering i tilknytning til rullering av planstrategi
Utarbeide strategi, saman med næringa, for turisme: «Meet the locals!»		X	2020	Rådmann	
Tiltak Bustadbygging, Sentrumsutvikling, Samferdsel og kommunikasjon	Investering	Drift	Framdrift	Ansvarleg	Merknad
Opprette komité med formål om å definere tiltak for å auke folketalet		X	2019	Rådmann	
Opprette eige Rogfast-utval med hovudfokus på korleis kommunen kan vere i forkant og å utnytte potensialet i denne utbygginga		X	2019	Rådmann	
Vurdere etablering av kollektivknutepunkt ved E39. Leggje til rette for bruk av ny teknologi for transport internt i kommunen og til kollektivknutepunkt ved E-39, t.d. utleige av el-syklar og el-bilar, hentmeg-heime buss. Etablere hurtigldestasjonar	X	X	2020	Rådmann	
Vurdere tørrskodd gang og sykkelsti Føresvik-nytt kollektivknutepunkt E39	X		2025	Rådmann	
Registrere område med dårleg eller manglande mobiltelefondekning	X	x	2020	Rådmann	
Avvikle område i kommuneplanen som ikkje blir bygd ut i løpet av planperioden		X	2023	Rådmann	

Appendix: Temaområda som grunnlag for planarbeidet

Folkehelse

FOLKEHELSEUTFORDRINGAR

Kommunane er pålagde å sikre overordna kunnskap om helsetilstanden til innbyggjarane i kommunen. Dette oversiktsdokumentet, folkehelseoversikta for Bokn, viser behov for auka innsats når det gjeld psykisk helse og auka innsats jamfør overvekt og muskel/skjelettlidingar. Mangt kan leggst inn under dette. Ei generelt meir aktiv fritid og tilgong til sosiale møteplasser er vesentleg for å betre desse forholda. Sosiale menneske tåler belastningar betre, fysisk aktive menneske unngår og førebyggjer helsemessige belastningar. Samarbeid med frivillig sektor er heilt nødvendig for å leggje til rette for både sosiale møteplasser og for lågterskelaktivitetar. Samarbeidsklimaet mellom kommune og lagslivet er godt, og dette må vi bygge på vidare. Ei spørjeundersøking om nettopp samarbeidsklima bekreftar dette, sjå figur 1 nedanfor.

FOLKEHELSEMÅLSETJINGAR

Ein vesentleg del av opplevd helse handlar om tilknytting, samvær med andre og deltaking i meningsfulle aktivitetar. For mange er arbeidsplassen ein slik arena, for andre er fritida areane der grunnlaget for det gode liv vert lagt. Kommunen ynskjer å leggje til rette for eit lokalsamfunn rikt på møteplassar, lag og foreningar. Det er og viktig å leggje til rette for eit lokalsamfunn der alle har tilgong til friluftsliv på land, på sjøen og i strandsona. Rammevilkåra for dette meiner vi er ein av bærebjelkane i god folkehelse og bør vere eit prioritert område i planperioden. Dette vil vere av vesentleg betydning for å oppnå målsetninga om befolkningsvekst.

FOLKEHELSETILTAK PÅ OVERORDNA NIVÅ

- ° Oppfølging av oversiktsdokumentet med utarbeiding av naudsynte planar
- ° Halde fokus på gode ramme vilkår for lag og organisasjonar
- ° Sikre gode moglegheiter for allsidig friluftsliv for alle innbyggjarar.

Frivillege organisasjonar


Målsetjing

- Å bidra til fortsatt gode rammevilkår for lag og organisasjonar. Dette krev god og oversiktleg styring av kommunale ressursar som disponeringa av t.d. Bokn Arena og andre fasilitetar. Det skal vere lett å henvende seg til kommunen og kommunen skal freiste å møte alle på ein positiv og konstruktiv måte.
- Å leggje til rette for at deltaking i lag og organisasjonar kan skje uavhengig av privatøkonomien til den enkelte. Gode ordningar må skapast i dialog med frivilleg sektor.

Status

Helse vert til der folk og lever og bur. Folkehelsa er den samla helsa til befolkninga og korleis denne fordeler seg mellom innbyggerane. Kommuneplanen skal gi føringar som gjer det mogleg for innbyggerane å ta sunne val, fremje helse og førebygge sjukdom. Frivillige lag og organisasjonar spelar ei viktig rolle i dette. På bakgrunn av arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplan vart alle registrerte lag og foreningar kontakta og stilt 5 spørsmål for å avklare status og forbettringspotensial i samspelet med kommunen. Undersøkinga antyder at ein langt på veg har skapt gode rammevilkår for organisasjonslivet. Bygging av fleirbrukshall har vore eit løft, men det blir formidla behov for betre og meir oversiktleg styring av denne.

Figur 1. Spørjeundersøking



Utfordringar

Den største utfordringa for lag og organisasjonar i dag er konkurransen mot andre fritidsaktivitetar. Hytter, helgeturar m.m blir prioriterte og færre stiller på dugnad og arrangement i helgene. Det blir stilt større krav frå det offentlege for å kunne setje opp ulike arrangement og enno meir heng på ildsjelene enn tidlegare. Det blir oftare enn tidlegare fremja ynskje om å betale inn ein slump pengar for å «kjøpe seg fri» frå dugnad. Dette kan auke skilnadar mellom innbyggjarane parallelt med at det svekker samhaldet og det sosiale både innbyggjarar og lag og organisasjonar treng.

Tiltak

Oversiktsdokumentet peikar på behov for plan for rekreasjon og aktiv fritid og Barne- og ungdomsplan som tangere dette temaområdet.

Idrett og kultur

Situasjonen for idrett er omtala under avsnitt for frivillege lag og organisasjonar.

Målsetjing

- Å auka trivselen til boknarane i eit rikt og trygt miljø samt vidareutvikla kommunen sitt særpreg.
- Få dei unge til å trivast så godt i Bokn at dei vender tilbake etter endt utdanning.
- Kombinasjonsbiblioteket skal vera ein uavhengig møteplass for alle og fremja opplysning, utdanning og ei brei kulturell verksemd gjennom informasjonsformidling, kulturformidling og ved å stilla bøker og anna materiell til disposisjon for alle.
- Dokumentera, bevare og formidla kunnskap om felles kulturarv
- Oppretthalda og utvida eit variert musikk- og kulturskuletilbod.

Status

Med Bokn Arena i spissen for fleire eigna lokale i kommunen, er rammevilkåra gode for kunst- og kulturformidling. Kulturskulen er i auditoriedelen av skulen.

Haugalandmuseene AS, Museum Sydvest AS frå 01.01.19 (kor Bokn er med), gir regionen ei kraftfull museumsverksemd for nåtid og for framtida.

Utfordringar:

Ressursar til oppgåveløysing og tilrettelegging. Begrensa fagmiljø, mange jobbar åleine. Økonomi. Ikkje eige lokale til kulturskulen.

Tiltak

Relevante lokale til kulturskulen må sjåast i samanheng med ny skule.

Friluftsliv

Målsetjing

•Å leggje til rette for å balansere den vedvarande spenninga mellom nasjonale verneinteresser i strandsona og lokale ønsker og tradisjoner knytta til bruken av denne slik at ein sikrar innbyggjarane som ønsker det, tilgong til eit maritimt friluftsliv på ein rimeleg måte.

Status

Friluftsliv i Bokn inkluderer for mange bruk av sjøen og båtliv. Tilgong til sjøen, tilgong til båt, fiske, hummerfiske m.m er sentralt i friluftslivet. Turløyper er godt etablert på Auste og Vestre Bokn og nyttast av mange. Lyssetting av ein tursti har vore eit populært tiltak. På Boknafjellet har kommunen lagt til rette med utsiktsplass for blinde og svaksynte. Det ligg føre planar om kyststi mellom Føresvik og Alvestadkroken - som truleg ville bli populær rundtur. Friluftsrådet har tilrettelagt Ognahabn for båt og bilturister, og har lagt ut fortøyningsbøye i Loden.

Utfordringar

Tiltak i strandsona er eit vedvarande tema der kommunen ynskjer ein meir liberal praksis enn sentrale mynde. Sentrale avgrensingar opplevast ikkje å passe til lokale ønsker, tradisjon og identitet. Tilgong til båt plass eller kai er for mange viktig, og medfører at naust omsettast for høgare priser enn bustadhus. Det er ingen konflikt knytta til etablerte turløyper.

Tiltak

Oversiktsdokumentet peikar på behov for plan for rekreasjon og aktiv fritid

Kyrkja i Bokn

Målsetjing

- Å leggje til rette for at innbyggjarar får utøvd trua si, feira og markert livshendingar etter eige ønske. Høve til og fridom til å utøve eiga tru er viktig for eiga helse. For innbyggjarane flest er kyrkja den sentrale arenaen. Det er difor av stor betydning at kommunen byggjer opp under arbeidet rundt kyrkja som ein sosialt viktig arena.

Status

Kyrkja er sentral i mange boknarar sitt liv og naturleg samlepunkt ved dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Når det gjeld gravplassar tar ein utgangspunkt i at det er tilfredstillande tilgang til det i planperioden. Det vil truleg vera eit utbyggingsbehov rett etter planperioden.

Utfordringar

Kyrkja er ein naturleg samlingsplass også i kriser. Nasjonalt søker færre kyrkja enn før, medan utviklinga i Bokn førebels ikkje har vist dette. Kva utviklinga vil vise etter planperioden må seiast å vere åpent.

Tiltak

Det må settast av plass til utviding av gravplassen i neste planperiode.

Helse og Omsorg

Målsetjing

- Å leggje til rette for ein tenestestruktur der ein tildeler tenester etter BEON prinsippet (Beste effektive omsorgsnivå). Prinsippet byggjer på at kommunen tilbyr ein trinnvis opptrapping av helse og omsorgstenester ut frå ei målsetting om at den enkelte, så lenge

som mogleg, skal klare å mestre livet sitt sjølv, ha ein aktiv og deltakande rolle i eige liv, og kunne ta del i sosialt samvær og felleskap med andre.

•Å arbeide målretta for å førebygge og redusere utvikling av uhelse og kroniske lidningar. Til grunn for all tenesteyting skal det liggje eit verdigrunnlag om respekt for den enkelte sin integritet og verdighet.

Status

Kommunen yter omsorg til ulike brukargrupper, og tenestene vert gitt som heimetenester, i miljøarbeidarteneste og til brukarar med institusjonsplass. Kommunen er i ferd med å ferdigstille ei utbygging av heildøgns omsorgsplassar fordelt på fire nye institusjonsplassar og sju heildøgns omsorgsbustadar. Dette vil gi kommunen ei høg dekningsgrad på heildøgnsomsorg. Kommunen har fleire omsorgsbustadar nært knytta til sjukeheimen, og desse er godt egna til mennesker i ulike alderar som treng ulik grad av omsorgstenester.

Psykisk helseteneste tilbyr støttesamtalar og miljøarbeiderteneste til alle innbyggjarane i kommunen. I hovudsak vert tenesta nytta av personar over 18 år. Etterspurnaden etter tenesta varierer då grad av alvorlighet, kompleksitet og tenestebehov vil variere frå person til person. Personar med angst og depresjon er den største brukargruppa. Me har i haust bygd opp ei miljøarbeiderteneste, denne er særskilt retta mot unge vaksne med rus og/eller psykiske helseutfordringar som er eller står i fare for å bli ufør.

Utfordringar

Kommunen har høg produksjon av omsorgstenester knytta til heildøgnsomsorg. Ut frå befolkningsframskrivingane og dei økonomiske rammene i kommunen, samt nasjonale føringar, er det behov for å styrke bl.a førebyggjande, helsefremmande og rehabiliterande tenester, slik at fleire kan bu heime, lengst mogleg.

Kommunen har trong for eit variert tilbod om varig tilrettelagt arbeid til sine innbyggjarar, både i eigen kommune og i omliggjande kommunar. Kommunen manglar dagtilbod til vaksne innan rus og psykisk helseteneste. Rus og psykisk helseteneste er eit tenesteområde som har begrensa ressursar for å kunne yte gode tenester til brukargruppa slik at dei kan verte inkludert i både i arbeid, aktivitet og sosialt fellesskap

Tiltak/retningslinjer

- Helse og omsorgsplanen som vert lagt fram for politisk behandling våren 2019 vil være ein strategiplan og eit styringsdokument for helse - og omsorgstenester i Bokn kommune. Planen vil innehalde ein handlingdel med tiltak for perioden 2019 - 2023.
- Det vart i 2018 lovpålagt at alle kommunar skal ha kommunal fysioterapeut. Kommunen har tilsett fysioterapeut, og denne skal og nyttast i den kommunale helse og omsorgstenesten i både førebyggjande arbeid og rehabilitering. Innsatsen vert styrt ut frå nasjonale føringar kor eigenmestring og sjølvstendighet ligg til grunn for tenesteområdet.
- Dag- og aktivitetstilbud for alle brukargrupper. Dag- og aktivitetstilbud er eit førebyggjande tenestetilbod som kan medverke til at brukaren får auka livskvalitet i form

av støtte til å mestre eige liv, oppretthalde eit høgare funksjonsnivå og deltaking i sosialt fellesskap. . Dagtilbodet for alle brukargrupper , vil kunne redusere behovet for kommunal heildøgnsomsorg. .

- Frivillighetskoordinator. Overføringa av oppgåver frå spesialisthelsetenesten til kommunane aukar. Kommunen skal nå og i framtida handtere fleire spesialiserte pleie- og omsorgsoppgåver, noko som påverkar ressursbruken i kommunal helse og omsorgsteneste. Ikkje lovpålagte oppgåver vil måtte takast ut av den offentlige tenesteytinga. For å kunne løyse desse utfordringane ser ein at det er behov for eit tettare samarbeid med frivilligheten. Kommunen har mange frivillige lag, foreningar og enkeltpersonar som yter tenester til kommunens innbyggjarar, men denne innsatsen er pr i dag ikkje koordinert og i eit formalisert samarbeid med kommunen. Det er ut frå kommunens vurdering eit behov for ein kommunal frivillighetskoordinator som kanbåde koordinere og vere bindeledd mellom kommunen og frivillige organisasjoner.
- Læring og meistring: Bokn kommune er ein del av samarbeidet mellom Helse Fonna og kommunane i «*fagnettverk for læring og meistring*» (sjå tenesteavtale 2). Fagnettverket skal bidra til at pasientar og pårørande får tilbod om fagleg gode frisklivs- lærings - og meistringstilbod på rett nivå. For å gi best mulig opplæring til innbyggjarar med kroniske sjukdommar og med trong for endringar i levevanar, er det inngått eit interkommunalt samarbeid når det gjeld frisklivs-, lærings- og meistringskurs. Fastlegar og anna helsepersonell har oversikt over dei ulike kursa. I tillegg har fastlegen individuelle rettleiingssamtalar med sine pasientar.
- Miljøarbeidertenesta i rus og psykisk helseteneste vart etablert i 2018. Det er eit behov for å setje av ressurser til denne tenesta slik at kommunen kan yte lovpålagte tenester med høg kvalitet til denne brukargruppa.
- Varig tilrettelagt arbeid (VTA): Kommunen har pr i dag ikkje tilbod om varig tilrettelagt arbeid i eigen kommune men kjøper nokre plassar av nabokommunar. Kommunen har innbyggjarar som har behov for eit lokalt VTA tilbod. Dette må byggast opp som ein del av den kommunale helse og omsorgstenesta.

Skule/barnehage

Målsetjing

- Å ha ein barnehage og skule i Bokn med høg pedagogisk kvalitet slik at born og unge vert rusta for å møte livets oppgåver, får kompetanse til å ta hand om seg sjølv og sitt liv og meistre utfordringar saman med andre.
- Å gje born som veks opp i Bokn ei opplæring som kvalifisere for innsats i dagens arbeidsliv og kunne gå inn i yrker som ennå ikkje er skapte.
- Å skape robuste born og unge.

Status

Skulen og barnehagen har hatt noko minkande tal på born dei siste åra, og vil ut frå kjende fødselstal og SSB si framskriving for folketalsutvikling i Bokn fram til i dag og ha det dei kommande åra.

Utfordringar

Lågare fødselstal i Bokn gjer at både skulen og barnehagen får færre born. Behovet for tilsette i einingane vert dermed og redusert, noko som gjer at ein bør tenkje nytt i forhold til organiseringa av desse einingane i kommunen. Færre ansatte i ei faggruppe kan vere utfordrande for dei ansatte og deira fagmiljø, og det kan verke inn på kvaliteten i tenesta. Skulen og barnehagen si leiing og ansatte erfarer at det er naudsynt med eit formalisert og tettare samarbeid om skulefagleg og barnehagefagleg utvikling i lag med andre kommunar for å sikre at den faglege kvaliteten i barnehage og skule ikkje vert svekka grunna små fagmiljø.

Barnehage og skule er i dag organisert som to separate einingar med kvar si leiing og kvar si personalgruppe. Skulen har no ei fådelt ordning (fleire trinn vert slått saman i ein klasse). Skulebygget slik det er i dag er ikkje tilpassa ei slik organisering (små klasserom), noko som gjer at fådelt ordning ikkje kan innførast på alle trinn, men må tilpassast frå år til år.

Det nåverande skulebygget oppfylgjer ikkje gjeldande krav til brannvern, ventilasjon og oppvarming og nytt skulebygg er under planleggjing med mål om byggestart i 2019. Nytt skulebygg vil planleggjast ut frå eit behov om fleksibel struktur og storleik i undervisningsromma slik at eit synkende bornetall og behovet for ei meir fleksibel organisering av elevane i klassar og trinn vert hensynteke.

Til planarbeidet:

Referat ELEVRÅDSMØTE BOKN SKULE

STAD: Møterom administrasjonen

DATO: **FREDAG 03.05.19**


TID: 10. - 11.00

INNKALLINGA GJELD:

TILLITSELEV OG VARA I 5. – 10. KLASSE

SAKLISTE:

- 23/18-19 Tilbakemelding på sakar frå førre møte:
- Caps/lue er no lov i ungdomsskulen.
 - Det vert gitt løyve til å eta ferdig i klasserommet ved behov.
 - Vedlikehaldssakane blir jobba med.
 - Det er laktoseredusert litago i melkeskapet.
 -



- 24/18-19 Sal av mat – ingenting er kjøpt inn enno – 5. og 8.klasse har ansvaret. Kom gjerne med tips om tilbud.
- 25/18-19 Rullering av kommuneneplanen – kva ønsker barn og unge på Bokn? Kva gjer Bokn til ein god plass og bu, og kva kunne kommunen gjort for at det kunne vore enno betre? Snakk om dette på klassemøta på førehand!

Gode ting og ønsker:

- Gode turstiar spesielt med lys. Kunne godt vore fleire turstiar og det er bra dersom dei blir godt vedlikehaldt. Skulen bør variera kva turar dei brukar.
- Bra med fortau, bør vera opp til kyrkja også. Meir fortau på Austre Bokn, spesielt der det bur ungar.
- Leikeplassar: meir spennande og betre vedlikehald. På den nye skulen bør det vera mange ulike måtar å bruka kroppen sin på. Td zipline? Trampoline?
- Stranda på nærmiljøanlegget bør vedlikehaldast – fleire badeplassar. Flott at det er komme toalett, grill og gapahuk på nærmiljøanlegget.
- Svømmehall hadde vore veldig kjekt!
- Veldig viktiga at det kjem gode stolar når det skal byggjast ny skule
- Butikken på Bokn treng fornying
- Fleire parkeringsplassar i tilknytning til hallen.
- Ballbinge i nærleiken av Havnavegen
- Flytebrygger i Føresvik
- Bensinstasjon langs den nye vegen.

26/18-19 Sakar frå klassemøta som vart fremma:

- Ikkje vatn i vaniljesausen på avslutning
- Fotballar – kan henta hos Annette
- Metallkølle til slåball og slåballar
- Mat på dei høge borda
- Visa elevane respekt – utrinn
- meir allergivennleg produkt td laktosefri mjølk og yoghurt
- Vips i melkeskapet
- Gratis frukt
- Kanitine med pizza og burger
- Stian forsetja med 9.klasse
- Vasskokar
- Pc på tentamen – det får de
- Bestikk
- Meir undervisning ute
- Puter i sofaen
- Skidag med Tysvær
- Skolelag i fotball og volleyball
- Mellomsteget skal få tilbake glasa sine.

Tiltak/retningslinjer

Bokn kommune ser det som naudsynt å ha eit meir formalisert samarbeid med andre omkringliggande kommunar, for å kunne gi skule- og barnehageleinga og ansatte i einingane auka støtte i fagleg utviklingsarbeid og fleire samarbeidsarenaer.

Barn og unge/oppvekst

Målsetjing

- Å leggje til rette for at born og unge skal ha eit trygt og godt lærings- og oppvekstmiljø kor dei har gode arenaer for sosialt samspel og aktivitet, og kor dei føler seg inkludert.
- Å jobbe for eit inkluderande samfunn, og unge i arbeidsfør alder skal ut frå sine individuelle føresetnader få moglegheiten til tilpassa arbeid og aktivitet med trygge rammer og tett oppfølging. Ein trygg oppvekst bidrar til å skape ein god og robust psykisk helse, og vil bidra til at færre barn og unge kjem i risikosituasjonar kor dei utviklar psykiske plager og lidningar.

Status

Barnehage, skule og helsestasjonstenesta er viktige arena i arbeidet med å skape eit godt oppvekstmiljø for barn og unge i Bokn. Sosial støtte er rekna som svært viktig for velvære og psykisk helse hos barn og unge, og det vert i både skule og barnehage jobba aktivt og målretta for å skape eit godt og trygt oppvekst- og læringsmiljø kor born og unge skal trivast. Kommunen har og eit stort fokus på lågterskeltilbud og foreldreveiledning knytta til arbeid for å styrke psykisk helse. Born og unge i Bokn kan i stor grad ferdast trygt ute både gåande og på sykkel, og nærområda kor dei oppheld seg vert og opplevd som trygge områder. Undersøkingar viser og dette (elevundersøkelse, ungdomdata og folkehelseprofilen for kommunen).

Utfordringar

Undersøkingar syner at det blant dei unge er ein tidlegare rusdebut samanlikna med nabokommunar/landsgjennomsnittet. Kommunen har ein fritidsklubb for dei unge, men her er det begrensa åpningstid og driften vert basert på frivillighet. Dei unge gir tilbakemeldingar på at det manglar stader der dei kan "henge", og kor dei kan ha ein eigen sosial arena/fleire møteplassar som tilbyr varierte aktiviteter, gjerne samlokalisert med øvrige kultur- og fritidstilbod i kommunen. Kommunen har noko organiserte kultur og fritidstilbud for barn og unge, og nokre vel å reise til nabokommunar for aktiviteter som ikkje vert tilbydd i Bokn.

Enkelte born og unge samt deira familiar vert ståande utanfor fellesskapet grunna manglande inkludering, gjerne knytta opp mot språklege, økonomiske og sosiale utfordringar. Psykiske lidningar er den viktigaste årsaka til uføre for personar under 30 år («Mestre hele livet», regjeringas strategi for god psykisk helse, 2017 - 2022). I ungdomdataundersøkinga frå 2018 ligg Bokn høgare enn landsgjennomsnittet på spørsmålet om

dei er plaga av ensomhet (andelen som svarer «ganske mykje plaga» eller veldig mykje plaga»). Ungdataundersøkinga og elevundersøkinga har over fleire år avdekka at det er ein høg andel unge (og høgare enn landsgjennomsnittet) som svarer at dei vert mobba, plaga eller utfrysen jevnleg.

Bokn har eit høgare antall varig uføre enn både gjennomsnittet i landet og fylket i aldersgruppa 18-44 år (3,4 %). Folkehelseinstituttet peikar på at dagleg arbeid/aktivitet er ei ei kjelde til sosiale relasjonar, identitet, personleg vekst og økonomisk tryggleik. Derfor kan arbeid vere helsefremmande. For unge uføre kan varig tilrettelagt arbeid være ei arbeid og aktivitet være tiltak som gir auka inkludering i fellesskapet.

Tiltak/retninglinjer

Det er behov for å lage ein plan for oppvekst i Bokn kommune med fokus på fysisk og psykisk helse med tiltak som har som mål å auke fokuset på inkludering, og korleis ein skal skapa positive haldningar til kvarandre. Det vil og vere viktig å sjå korleis ein i kommunen kan utvikle gode fritidsarenaer utanom dei organiserte aktivitetene for born og unge. Dei treng fleire sosiale møteplassar, og tilboda bør være lokalisert i nærleiken av andre fritidsareaner/skule/bibliotek/idrettsanlegg. Kommunen må byggje opp tiltak kor unge uføre kan få tilpassa arbeid og aktivitets slik at dei vert inkludert i samfunnet og opplev å kunne mestre sin eigen kvardag med eit meiningfylt innhald. Bokn kommune er ein MOT kommune. Dette skal synleggjerast i alt planarbeid i kommunen, og er allereide implementert i skulen.

Klima, miljø og energi

Målsetjing

- Å sikre alle innbyggjarane i Bokn kommune tilgong til tilstrekkeleg og hygienisk trygt drikkevatt og tilstrekkeleg brannsløkkevatt levert frå Bokn vassverk. Kommunen sitt vassverk skal til ei kvar tid tilfredsstillende gjeldande føresegnar for drikkevatt.
- Å leggje til rette for at organisasjonen til ei kvar tid er best mogeleg budd på klimaendringane. Klimatilpassing skal baserast på føre-var-prinsippet.
- Å redusere energibruken i kommunale bygg og eigedomsmasse med 10% innan 2025.
- Å sikre alle kommunale vegar, med omsyn til akseltrykk og lyssetjing, standarden som tilfredsstillende normale krav til trafikktryggleik m.v.

Status

Vatn

Nytt vassverk for Bokn kommune vart sett i drift i 2018. Anlegget er utstyrt med dei naudsynte barierane for å sikre tilstrekkeleg og hygienisk trygt drikkevatt i mange år framover.

Kommunen tok i bruk nytt høgdebasseng (1000 m³) i 2018. Ved normalt forbruk vil en ha reservevatt i ca. 24 timer v/uforutsett stans i vass-produksjonen.

Vasskjelda er Torlandsvatnet som er ei etter måten godt skjerma vasskjelde med godt nedslagsfelt.

I tilknytning til utbygginga av vassverket, har kommunen fått løyve til å heve vassnivået i vasskjelda med inntil 1m. Kommunen i den seinare tid erverva eigedomar i nedslagsfeltet, for å sikre vasskjelda utover den gjeldande klausuleringa for bruk av nedslagsfeltet.

Når det gjeld leidningsnett på Bokn så er det av god kvalitet, og det er registrert lite lekkasjar.

Det vert difor ikkje utført aktivt søk etter lekkasjar i dag.

Bokn kommune har nylig fått etablert leidningskartverk der vatn- og avlaupsnett med kummar er lagt inn digitalt.

Avlaup

Kommunen har i dag inga reinsing av kloakk utover oppsamling av slam. Kommunen har i dag fem større slamavskiljarar.

Det er HIM som tømmer de kommunale og de private kummane i kommunen.

Sjøresipienten omkring Bokn er god.

Avfall

Innhenting og handsaming av avfall i kommunen vert utført av HIM.

Miljø/ureining

Hovudtyngda (74% i 2011) av klimagassutsleppa i Bokn kommune kjem frå mobile kjelder . I stor grad er dette gjennomgangstrafikk utanfor rekkevidda av lokale tiltak. Planlagt nasjonal vegbygging med ny E39 vil sette tydeleg preg på Bokn i generasjonar framover også med omsyn til arealbruk, støy, trafikkutvikling og kommunikasjonsmønster Kommunen står i ein vedvarande spenning mellom nasjonale verne- og miljøomsyn knytta til bruk av sjø og strandsone og lokale tradisjoner og ønsker om bruk av sjøen og strandsona. Betydeleg nærings- og fritidsaktivitet er knytta til tilgang til og bruk av strandsone og sjø. Dette speglast i den lokale identiteten som er nært knytta til det maritime og det rurale. Berekraftig bruk av og bærekraftig utvikling av kommunen ber i seg alle desse nyansane.

Energibruk

Tilgjengelege tal for energibruken i Bokn kommune pregast av dei mobile kjeldene.

Utviklinga avheng av nasjonale tiltak, ikkje lokale. Lokale tiltak er viktige, men vil ikkje vere like sporbare i Bokn som i andre kommunar. Dette må ein ha in mente ved tolkning av den vidare utviklinga.

Utfordringar

Hovudutfordringa kommunen står ovanfor når det gjeld klima er tilpassing til dei forventade klimaendringane. Framtidige ekstremisituasjonar med omsyn til nedbør og temperatur, vil setje nye krav til mellom anna overvassystem i nedbørperiodar og sikring av reservevassstilgong i turkeperiodar. Eit område som allereie i dag har store problem knytt til overvatn, er Øyren feltet.

Vassverket i kommunen har ikkje reservevasskjelde, og kommunen er difor sårbar dersom hovudvasskjelda ikkje kan nyttast, t.d. grunna akutt ureining.

Deler av kommunen har i dag ikkje tilgong til vatn frå kommunen sitt vassverk, og det er heller ikkje tilfredstillande brannvassdekning i alle delar av kommunen, td. på Austre Bokn.

Krava knytt til vassforsyning og handtering av avlaupsvatn vert forventa auka i åra som kjem.

Tiltak

- Erfaringsgrunnlag knytt til overvassproblematikk, brot på kommunalt leidningsystem, vassforbruk/vasskjelde må systematiserast.
- Behov for reservevasskjelde og plassering av denne må utgreiast.
- Behov for utarbeiding av hovudplan for vatn- og avlaup må vurderast ut frå mellom anna forventa klimaendringar.
- Energi- og klimaplanen og handlingsplanen knytt til denne må ajourførast når det gjeld målsetjingar og tiltak.
- Registrering av av resipienttilhøve i ulike deler av kommunen som grunnlag for vurdering av søknader om utsleppsløyve.
- Plan for vedlikehald- utskifting av leidningsnett og kummar må utarbeidast.
- Det må utgreiast om det er mogeleg å auke redusere privatbilbruken ved t.d. avtale om å kunne nytte Kystbussen me lokalbusbillett-takst og/eller etablering av eit system med bestillingsbuss etter mal frå prøveprosjektet i Sauda.
- Det må utgreiast om det er mogeleg og rekningsvarande å etablere landstraum for båtar i kommunen.
- Det må utgreiast om etablering vindmøllepark i kommunen er økonomisk og miljømessig ynskjeleg.
- Det må avklarast kva miljømessige konsekvensar akvakulturanlegga i kommunen medfører, og om det er behov for å undersøkje dette nærare.
- Bokn kommune må krevje helsekonsekvensutgreiing når det skal lagast statleg reguleringsplan for ny E39. Bokn kommune må krevje at statlege myndigheter balanserer lokale og nasjonale omsyn for å sikre moglegheiter for bærekraftig utvikling av kommunen.
- Bygge nytt høgdebasseng (ca. 250 m³) på Austre Bokn.
- Utgreie innføring av krav om vassmålar hjå alle abonnentar
- Fjerne gamal oljefyring og erstatte den med varmpumpe på skule og barnehage.
- Erstatte lyssetting på kontor og skule/barnehage med led lys
- Etablere bubilparkering med anlegg for tømning av septik for bubilar.
- Bytte ut den kommunale bilparken til El-bilar.
- Etablere fleire ladepunkt for El-bilar

Samfunstryggleik og beredskap

Målsetjing

Mål for krisearbeidet i Bokn kommune:

- Ha fokus på førebyggjande arbeid slik at uønska hendingar ikkje skjer eller omfang/konsekvensar av uønska hendingar blir små.
- Sikre rask iverksetjing av tiltak som kan avgrensa og redusera uheldige konsekvensar som fylgje av ulykker og uønska hendingar.
- Iverksetje system for å opprette normalsituasjon i kommunen etter ulykker eller uønska hendingar.

Mål for beredskapsplanen og tiltak

- Setje Bokn kommune raskt i stand til å etablere kommunal kriseleiing som skal ivareta hjelpe- og støttefunksjonar for dei kommunale seksjonane, oppretta nødvendig info-tenester og ha den nødvendige kontakten med statlege og fylkeskommunale myndigheter.

Beredskapsplanen skal, saman med kommunens sektorplanar, gi oversikt over kommunen sine ressurser og være et hjelpemiddel for kriseledelsen til raskt å sette i verk nødvendige tiltak.

- Utarbeida handlingsplanar (på grunnlag av helhetlig ROS) for iverksetjing av tiltak i forhold til hendelsane som kan berøre store deler av lokalsamfunnet over fleire døgn eller alvorlige akutte hendelser/ulykker

Status

Bokn kommune har ein overordna kriseplan som blei revidert i mars 2016 og som bygger på ein tverrfagleg risiko- og sårbarhetsanalyse frå desember 2015.

Kravet om kommunal beredskapsplikt er heimla i Sivilbeskyttelsesloven §15 og Forskrift om kommunal beredskapsplikt §4.

Utfordringar

- Stille med tilstrekkeleg mannskap til både å kunne fylle oppgåvene i kriseleiinga og i krisesekretariatet
- Oppretthalde stor nok kriseleiing over ein lengre tidsperiode
- Bygge opp nødvendig kompetanse for å handtera ein krise

Tiltak

- Samarbeid om stillinga som beredskapskoordinator
- Utarbeide tiltakskort (rutine) knytt til ikkje-ynskete hendingar
- Rullering av heilskapleg overordna ROS-analyse for kommunen i tilknytning til rullering av arealdelen

- Rullering/ajourføring av beredskapsplanen
- Opplæring i CIM

Økonomi og Interkommunalt samarbeid

Økonomi

Målsetjing

Bokn kommune har eit budsjett som er sterkt påverka av nivået på statlege overføringar og eigedomsskatt knytt til gassbasert verksemd. Kommunen sine inntekter er derfor svært sårbare i forhold til endringar i statlege rammevilkår. Eit nytt inntekstsystem vil gi til dels store reduksjonar i rammetilskot som fylgje av halvering av småkommunetilskotet og endring i basistilskotet. Målsettingar for arbeidet er difor m.a:

- Å planlegge for årlege budsjett/regnskapsoverskot på 3 %
- Å planlegge for rasjonalisering/innsparingar inntil kroner 5 mill innan 7 år

Status

Bokn kommune har hatt nokre år med høgt rammetilskot og høge skatteinntekter. Desse åra er no over, og kommunen må førebu seg på vesentleg lågare inntekter enn tidlegare år. Sjølv om det fortsatt er noko uklårt kring eigedomsskatt er det heilt klårt at kommunen fortsatt må kutta kostnader når nytt inntektssystem, endringar i eigedomsskattregime og demografiske endringar slår til for fullt. Ved hjelp av kompensasjonsordninga for eigedomsskatt og tildelte midlar frå havbruksfondet kan det sjå ut til at kommunen vil få nokre fleire år på det nødvendige omstillingsarbeidet enn ein la til grunn ved framlegginga av budsjettet for 2018. Dette til tross; arbeidet for å sikra inntekter lyt intensiverast. I det sentrale inntektssystemet er det etablert såkalla objektive indikatorar som gir uttrykk for forskjellar i tenestebehov som fylgje av alderssamansetting og ulike sosioøkonomiske forhold. Dette er det viktig å ta omsyn til når ein samanliknar nivået i kommunen sine tenester med andre kommunar sitt tenestnivå. Det seier seg då sjølv at folketalsutvikling er ein avgjerande faktor i kommunen si økonomiske planlegging og prioritering.

Når ein vurderer folketalsutviklinga må ein ta omsyn til endringskrefter i det både det lokale og i det regionale utviklingsbiletet som effektar av infrastrukturelle tiltak (vegsamarbeid), nærings- og sentrumsutvikling, nye bustadområder osv. Framskrivningane viser at Bokn vil få ein vekst i talet på eldre over 67 år og vaksne i aldersgruppa opp til 67 år. Dette tilseier at det, som også målsettinga om at fleire skal bu heime lengst mogleg bekreftar, generelt må leggjast til rette for auka bustadbygging og tilrettelagde bustader for eldre, omsorgsbustader og sjukeheimsplassar.

Fleire eldre medfører auka pensjonskostnader og eit grovt anslag viser at det for Bokn sin del vil handle om ca. 0,1 millionar/år.

Utfordringar

Bokn kommune har p.t høg lånegjeld. Dette fører til auka finanskostnader og eit redusert netto driftsresultat. Høg lånegjeld gjer også kommunen sårbar i forhold tilden renteauken

som er varsla. Kommunen ynskjer å levere fagleg gode og økonomisk lønnsame tenester til innbyggjarane sine. Det er viktig å leggje til rette for at alle skal kunne ta val som gjev dei gode liv og god livskvalitet. Det er frå helse og omsorgsgruppa lagt vekt på at det er betydningsfullt for både den enkelte, men og for kommunen som organisasjon, at så mange som mogleg kan bu heime i eigen bustad så lenge som mogleg.

Det er naudsynt at kommunen tar ein grundig og open debatt kring tenestestrukturen i orgnasisasjonen. Då me veit at ressursane blir mindre, og utfordringsbiletet meir krevjande, er det avgjerande at kommunen finn berekraftige driftsmodellar. Dette betyr at organisasjonen som heilheit til ei kvar tid lyt vera kjend med utfordringsbiletet og endringar i sāmåte. På tvers av sektorar lyt ein kartlegge og redegjere for handlingsrommet når det kjem til tenestestruktur lokalt/internt samt til samarbeid med andre - på lokalt plan, men like fullt på interkommunalt plan.

Fleire eldre innbyggjarar medfører auka press på tenesteapparatet. Det vil difor vera avgjerande å løyse oppgåvene på ein smartare og meir effektiv måte til dømes ved å gjere bruk av velferdsteknologi på nye områder enn tidlegare. For at kommunen skal kunne gjera bruk av velferdsteknologi og anna digitalisering, er det ein føresetnad at nødvendig infrastruktur er på plass. Det er difor naudsynt å vera framoverlent i samhandlinga med dei andre kommunane i regionen og fylket for slik å treffa best mogleg i dei ulike satsingane. Kommunen har dei seinare åra gjennomført fleire store utbyggingsprosjekt: Breiband/fiber i heile kommunen, bygging av fleirbrukshallen Bokn Arena, Bokn sjukestove, omsorgsbustader, Bokn vassverk og kommunalt tilskot til bygging av ny Føresvikveg samt sist, men ikkje minst: Lysetting av turstien. Samla gjev dette investeringar på opp mot 125 millionar kroner. Dette har vore naudsynte og framtidsretta investeringar. Når det er sagt: Bygginga står for seg; driftinga både i reell drift, men like fullt handtering av auka lånerammer, står for seg.

Det er vedteke at det skal byggast ny skule. Ei skuleutbygging finn likevel ikkje stad før ein har realisert sal av aksjar i interkommunale selskap. Som fylgje av stramme økonomiske rammer er det elles ikkje lagd opp til auka aktivitet innaføre noko tenesteområde - utan at dette vil resultere i lågare kostandar i drift eller investering. Ein har istaden sett det som naudsynt å redusera tiltak som ikkje er naudsynte for den vidare drifta - noko som også har konsekvensar for vedlikehaldsbudsjettet.

Tiltak

- Outsourcing/interkommunalt samarbeid om økonomi/rekneskap og IKT?

Interkommunalt samarbeid

Målsetjing

Ei av hovudmålsettingane når det kjem til interkommunalt samarbeid er

- Å leggje til rette for at alle samarbeid skal bygge på faglege og økonomiske utredningar og vere godt forankra i politiske vedtak i Bokn kommune.
- Å evaluere og optimalisere effekten av interkommunale samarbeid.
- Å sikre tilfredstillande interne ressursar for materialisering av effekt av interkommunale samarbeid.

- Å spele ei aktiv rolle i dei interkommunale samarbeidsprosjekta ein tek del i. Interkommunale samarbeid er naudsynt når dette medfører betre tenester til ein rimelegare pris enn om kommunen sjølv skulle hatt tenestetilbodet eller dersom tenesta er så omfattande i kompleksitet, geografisk utstrekning eller til ein så høg kostnad at teneset ikkje kan liggja i kommunen.

Status

Kommunane på Haugalandet har iverksett eit breitt interkommunalt samarbeid for å løyse oppgåver der den enkelte kommune blir for liten eller manglar fagkompetanse til å oppretthalde fagleg gode tenester innaføre økonomisk forsvarlege rammer. Dette gjeld mellom anna områder som hamnesamarbeid, infrastruktursamarbeid gjennom innkreving av bompengar i Haugalandspakken, utviklingssamarbeid innan velferdsteknologi, legevaktsamarbeid, krisesentersamarbeid, reiseliv og flyplassutvikling, samfunns- og næringsutvikling gjennom Haugaland Vekst IKS, brannsamarbeid og oljevernberedskap. I tillegg har kommunen ein omfattande samarbeidsavtale med karmøy kommune som i dag omfattar samarbeid om tekniske oppgåver, barnevern, PPT, jordmorteneste og NAV. Eit utvida IT- samarbeid er under utredning, det same gjeld eit utstrakt digitaliseringsamarbeid for alle kommunane i Rogaland.

Utfordringar

Manglande medvirkning frå folkevalde i viktige beslutningsprosessar - og gjennom dette føre til demokratisk underskot i kommunen

Flytting av beslutningar ut av kommunen

Flytting av ressursar ut av kommunen

Tunge/tidkrevjande beslutningsprosessar

Tiltak

- Evaluere eksisterande interkommunale samarbeid for vidareføring, optimalisering eller avvikling

Næringsliv, Landbruk, Fiskeri/Havbruk, Turisme

Næringsliv

Næringslivet i Bokn kommune har tradisjonelt vore basert på fiskeri og landbruk. I dag er dei fleste sysselsette i til dømes industri og servicenæringar. Men, primærnæringane representerer framleis hovedinntektskjelda til fleire av innbyggjarane i kommunen. Tilgangen til sjø på alle kantar gjev kommunen fortrinn innaføre sjøretta næringar. Dette har, over år, hatt positive ringverknader. Bedriftsetableringar med fokus på sal av tenester til dei sjøretta næringane finn framleis stad. Ei av hjørnesteinsbedriftene i kommunen er ein av dei sentrale leverandørane til mellom anna akvakulturnæringa som i dag er ei betydeleg næring i kommunen.

Kommunen har ein viktig posisjon som den største sysselsettaren, planmyndigheit og arealforvaltar. Kommunen har difor ei sentral rolle i utviklinga av det lokale næringslivet, mellom anna som tilretteleggjar for utvikling av til dømes infrastruktur og andre drivarar. Det er avgjerande at kommunen møter initiativa frå næringslivet med optimisme,

faglegheit og effektiv saksbehandling. For å ta del i framtidig næringsutvikling i regionen er det viktig at kommunen har fokus på gode tenester, god infrastruktur, attraktive stader å bu, moglegheiter for næringsetablering og eit godt omdømme.

Dei viktigaste drivarane for næringsutvikling i Bokn kommune er:

- * Etableringsvilje
- * Tilgong til finansiering
- * Tilgong til eit velfungerande verkemiddelapparat (t.d: Skape, H- vekst, Rogaland Ressurssenter, Innovasjon Norge)
- * Eit godt fagmiljø
- * Tilgang til kompetanse
- * Tilgang til sjø
- * Tilgang til gode, tilrettelagde næringsareal
- * Godt utbygd infrastruktur
- * Rogfast

Bokn kommune gjer ei tydeleg prioritering av matnæringane landbruk, fiskeri og havbruk, som bevisst strategi for å styrkje busetting, sysselsetting og verdiskaping i kommunen. Bioøkonomi, mat (jordbruk og havbruk) og reiseliv er i tillegg prioriterte regionale satsingsområde. Det er eit mål i seg sjølv å auke produksjonen av mat frå landjorda og frå sjøen. Desse måla er forankra i hhv. regionalplan for landbruk og regionalplan sjøareal havbruk. Dette foruset mellom anna eit strengt jordvern, noko kommunen meiner er ivaretatt lokalt.

Målsetjing

Bokn kommune skal vera eit fullstendig samfunn der innbyggjarane får dekkja ein stor del av tenestene innafør egne kommunegrenser. Kommunen har difor som målsetting å

- leggje til rette for auka folketal og *verdiskaping* som varig grunnlag for reiser til kommunale tenester, varehandel og anna tenesteyting
- leggje til rette for bærekraftig utnytting av naturressursane som grunnlag for næringsutvikling og busetting
- leggje til rette for etablering av nye, lokale servicetenester
- leggje til rette for og vere pådrivar for eit tydelegare samarbeid mellom relevante aktørar innaføre næringsutvikling

Status

Bokn kommune har ei låg registrert arbeidsløyse. Dei siste tala (2016) frå KommuneHelse statistikkbank er på 1,9 % heilt arbeidsledige, medan Statistisk sentralbyrå opererer med 1,8 % heilt arbeidsledige i 2017. I 2017 var det registrert 420 arbeidstakarar busette i Bokn, kor drygt halvparten hadde arbeid i eigen kommune. Ca 30 % av arbeidstakarane busette i kommunen pendlar til andre kommunar på Haugalandet (fyrst og fremst Tysvær og Haugesund), medan nærmare 20 % har arbeid andre stader (inkludert sokkelen og firma

med adresse utanfor Haugalandet). Ca. 150 personar pendlar til arbeid i Bokn. Desse pendlar inn frå Tysvær, Haugesund, Karmøy og andre kommunar.

Innbyggjarane i Bokn har arbeid innaføre ei rekkje ulike næringar. Størst er sysselsettinga innaføre helse/sosialtenester, sjøtransport, jordbruk, bygg og anlegg og utvinning av råolje og naturgass. Innaføre helse-/sosialtenester, detaljhandel og olje/gassverksemd har det dei seinare åra vore auka sysselsetting blant kommunen sine innbyggjarar. Samstundes har det vore ein nedgang i antal registrerte arbeidstakarar innaføre jordbruk frå 2000 til 2007 (-47 %). Talet omfattar berre personar som har hovudinntekstkjelde frå landbruket. Det har i perioden 2005 - 2019 funne stad 17 bedriftsetableringar med forretningsadresse Bokn. Av desse fann heile 5 etableringar stad i perioden 2017- 2019, altså tett på 30 % av etableringane samla sett desse 14 åra. Kommunen har ikkje tal på antalet forespørslar (bedriftsetableringsrelaterte forespørslar), men det har dei siste åra vore mange søknader til kommunen sitt næringsfond dog med ein nedgang i søknadar frå 2018.

Lokale ungdommar har i alle år hatt fordelar av moglegheitene dei har fått som fylgje av sommarjobbar og anna arbeid innaføre ulike næringar i Bokn. Dette kjem tydeleg til uttrykk særleg hjå dei som har hatt eit ansettelsesforhold i landbruksretta næring samt fiskeri og havbruksretta næring. Kommunen ynskjer å byggje opp under den gjengse, særst positive haldninga til at arbeidserfaring frå primærnærिंगane er av dei beste arbeidserfaringane å ta med seg vidare i eit yrkesaktivt liv. Det vil difor vera viktig å samarbeide om å tilrettelegge for både sommarjobbar og lære plassar generelt framover.

Utfordringar

I kommunen i dag finn ein eit begrensa antal servicetenester. Potensialet for ny-etableringar er stort. Behovet er særleg uttalt innaføre sveise-tenester, landbruksmekanikk, dykketenester, catering og losji, teknisk relatert tenester, IT - tenester med meir. Ei av tenestene med stor betydning for heile samfunnet, men også spesifikt relatert til næringslivet, er nærbutikken i Føresvik. Denne er med på å definere Føresvik som sentrum for vidare utvikling. Det vil vera av avgjerande betydning at boknarane får behalda butikken sin.

Med Rogfast og andre større, infrastrukturelle prosjekt, aukar potensialet for næringsetableringar. At 30 % av etableringane dei siste 14 åra har funnet stad desse siste 2 åra må kunne seiast å vere ein positiv trend. Om etableringane har skuldast at kommunen har klart å kommunisere og synleggjere potensiala som finst i kommunen, har vi likevel ikkje grunnlag for å seie noko om. At dette er eit viktig tema er dog verd å ta med seg i vidare plan - og strategiarbeid. Kommunen har over tid arbeidd for å tilrettelegge for utbygging av breiband og forholda er betre enn for få år sidan. Mobildekninga i kommunen er framleis ikkje tilfredstillande og ein bør, med alle verkemiddel, arbeide for å betre forholda.

Tiltak

Basert på ei oppsummering av utfordringane ein har peika på ovanfor, vert fylgjande tiltak foreslått:

Tiltak: Utarbeide pendlar - og arbeidstakarstatistikk

Tiltak: Arbeide for å betre mobildekninga i kommunen

Tiltak: Utarbeide strategi, saman med næringa sjølv, for sommarjobbar og lærlingeplassar

Landbruk


Målsetjing

- Å oppretthalde busetnaden i alle deler av kommunen
- Å ivareta landbruksomsyn i arealdisponering i utbyggings- og byggesaker
- Å, i størst mogleg grad, ta vare på alt jordbruksareal

Status

Som tabellen under viser, har talet på aktive gardsbruk har gått noko ned i Bokn som i landet totalt. Men, drifta av jordbruksareal i kommunen er framifrå og landskapsbiletet er prega av veldrivne areal og høg beiteintensitet. Entusiasmen og motivasjonen i næringa er god. Dei som driv 100 % landbruksretta næring har eit genuint ynskje om nettopp dette.

11950: Utvalgte nøkkeltall landbruk, etter statistikkvariabel og år. Bokn.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

I Bokn er sauehaldet både stort og veldrive og næringa rapporterer om over 1200 dyr per januar 2019. Som tabellen under viser, så utgjer sauehald ein like stor andel av drifta totalt sett (i kommunen) som mjølkekyr og ammekyr til saman.

Landbruket spelar framleis ei viktig rolle som forvaltar av kulturlandskapet, også i Bokn. Som bidragsytar til ei god folkehelse er landbrukets forvaltning av kulturlandskap viktig for alle innbyggjarar i ein kommune og det er difor viktig å tilretteleggje for at dette arbeidet kan halda fram.

Kjerneområda, slik dei er definerte i gjeldande plankart, er framleis representative og ein ser ikkje behov for å justere grensene.

Tal inbyggjarar	868
Totalt areal, km ²	45
Jordbruksareal i drift, km ²	9
Produktivt skogareal, km ²	4
Avvirking, m ³	76
Tal landbrukseigedomar	105
Tal jordbruksbedrifter	45
Sysselsettingsprosent	70
Sysselsette i primærnæring	9

Utfordringar

Det aktive landbruket må ha eit omfang som gir grunnlag for økonomisk bærekraft og for eit godt fagmiljø. I tillegg må det i alle delar av kommunen vera busetnad som gjev grunnlag for eit sosialt miljø. Det er avgjerande at kommunen møter initiativa frå næringa med optimisme, faglegheit og effektiv saksbehandling.

Bokn kommune er sårbar når det kjem til matjord. Ein har, over år, erfart at det er stor interesse for korleis ein forvaltar denne jorda. Landbruket er, generelt sett, ei uttalt politisk styrt/regulert næring. Regionalplanar både innføre landbruk, fiskeri og havbruk og reiseliv peikar på potensialet i at desse næringane «finn saman». Potensialet i å utvikle nye produkt på tvers av desse næringane er stort i Bokn.

Tiltak

Basert på ei oppsummering av utfordringane ein har peika på ovanfor, vert fylgjande tiltak foreslått:

Tiltak: Stimulere til bærekraftig bruk av matjord

Tiltak: Strategiplan for landbrukes kulturlandskap

Fiskeri og Havbruk


Målsetjing

- Å leggje til rette for utviding av eksisterande og nye lokalitetar
- Å sikre fleksibilitet i arealbruk i kommunen sine sjø -og landområder
- Å sikre balanse i avsettingar av areal i sjø (havbruk) og vern av viktige fiskeriplassar
- Å frigjere areal til produksjon av varer og tenester til næringa
- Å iverksette grundig vurdering av areal avsett til trålarfelt og låssettingsplassar

Status

Bokn kommune har tradisjonelt vore ein viktig fiskerikommune med både større og mindre bruk. Fortsatt står fiskeria på Bokn sterkt med ei fin blanding av unge som satsar på ei framtid innaføre denne næringa i tillegg til godt etablerte fiskarar som arbeider aktivt og har store planar for å utvikla si næring. Havbruksnæringa og fiskeria representerer viktige arbeidsplasser i kommunen, og det er få konflikter knytta til desse verksemdene. Staten har frå 2017 oppretta eit Havbruksfond, noko som gjer at kommunane vil få tildelt midlar frå dette fondet i forhold til dei anlegga kommunen har når det gjeld oppdrett. Bokn kommune er i 2018 tildelt om lag 6 mill. kroner frå dette fondet.

08867: Fangst, etter fangstart og år. Bokn, Verdi (1 000 kr).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Bokn kommune har 5 godkjente lokalitetar for akvakultur:

- * Lauplandsholmen
- * Hognaland og Trosnavåg (settefisk)
- * Tollaksholmen (stamfisk)
- * Nautøya (kamskjell)

(I tillegg finst det p.t ein midlertidig lokalitet laks i sjø)

Av totalt 27 tilsette i akvakulturnæringa i Bokn i dag har heile 24 av dei bustadadresse i Bokn. Omsetninga per årsverk hjå hjørnesteinsbedrifta Grieg Seafood, Trosnavåg var i 2017 på om lag 8, 5 mill. kroner. Skatt til stat og kommune (per årsverk i 2017) representerer om lag 0,92 mill.kroner.

Innaføre fiskerinæringa er det totalt 14 personar som har fiske eller fangst som hovednæring (Blad B) i Bokn i dag. Næringa sjølv viser til positivitet i bransjen, men er tydelege på utfordringane knytta til press på sjøareala rundt Bokn og nærliggjande kommunar.

Utfordringar

For fiskerinæringa er rekruttering ei av hovedutfordringane som fylgje av høge prisar ved kjøp av konsesjonar, båtar og utstyr. Dette gjer det vanskeleg for ungdom å etablera seg og utvikla næringa. Trass optimisme og positiv tilvekst i Bokn, gjer denne utfordringa seg generelt gjeldande også for Bokn.

For havbruksnæringa knyter utfordringane seg primært til moglegheitene for å frigjera areal til framtidige lokalitetar - både for å skapa vekst for næringa, men også for å ha tilgong til alternative lokalitetar for dagens anlegg. For å ivareta dei ulike interessene (fiskeri vs. havbruk) vil det vera viktig å sikre kunnskap om korvidt delar av avsette kaste og låssettingsplassar i framtida kan nyttast til havbruksføremål.

Det er og viktig å halde seg orientert om innovative nyvinningar innaføre desse næringane ettersom avsetting av lokalitetar både lenger til havs, men og på land (havbruk/ akvakulturnæringa) vil få stor betydning i framtida.

Tiltak

Basert på ei oppsummering av utfordringane ein har peika på ovanfor, vert fylgjande tiltak foreslått:

Tiltak: Utarbeide plan for fiskeri og havbruk innan 2023

(Plan med delmåla:

1. Utgreiing av utviklingsmoglegheitene i bransjen.
2. Sikre fleksibilitet i arealbruk i kommunen sine sjø -og landområder)

Turisme

Målsetjing

- Å fremje eit godt omdømme om kommunen via turisme som innsatsfaktor
- Å leggje til rette for samarbeid mellom grunneigarar, private aktørar, investorar og fagfolk innan turisme som næring
- Å vere tydelegare i rollen som bidragsytar når det kjem til det å skape lokale arbeidsplassar innaføre turisme

Status

Bokn har, i eit historisk perspektiv, hatt stor betydning. Kommunen har den nest eldste steinalderbuplassen som er funnen i Norge (vel 10 000 år sidan). Det fyrste sjøfararane såg då dei kom frå nordsjøkontinentet for 12-13 000 år sidan, var Boknafjellet. Boknafjellet vert framleis mykje besøkt. Ein har i dag sågar tilgong til eit utkikkspunkt, for både sjåande, men og for blinde, på toppen av det markante fjellet.

Turisme sett i system, trass attraksjonane som finst i kommunen, ei lite utvikla næring i Bokn i dag. Turistattraksjonane (produkta) er primært knytta til kulturhistoriske stader og installasjonar der besøkjande gjer seg nytte av produktet gratis. Døme på dette er mellom anna bautasteinen ved resegreftene på Alvestad, Bokn bygdemusem, røykstova frå slutten av 1500-talet/beg. av 1600-talet (Haugalandets eldste trebygning), gravhaug frå bronsealderen, herskaphuset i Kro samt Klepp festningsanlegg for å nemna nokre. Ein finn få produkt som inviterer til opplevelsesturisme, friluftsliv, jakt og fiske.

Per i dag er det i noko grad tilrettelagt for framkomelegheit til attraksjonane, utan at dette er systemisert.

Ein finn 2 campingplassar i kommunen. Potensialet for etablering av overnattingsstader er stort.

Kommunen har, over ein del år, tilrettelagt for informasjonsoverføring. Det er brukt tid og ressursar på å lage avrivningskart og ulike skilt. Arbeidet for å halde heimesider og andre plattformer oppdaterte, pågår på kontinuerleg basis.

Som tabellen viser så hadde kommunen, i 2010, nokre få tilfeller av at jordbruksbedrifter i kommunen hadde turisme som tilleggsnæring. (Kjelde: SSB)

	Jordbruksbedrifter 1999	Jordbruksbedrifter 2010	Jordbruksbedrifter 2010
Tilleggsnæringar i alt	19	22	22
Utleige av jakt- eller fiskerettar	..	4	4
Turisme	3

Utfordringar

Det er per i dag få overnattingsmoglegheiter i kommunen. Med Rogfast, og den antatte auken i reisande mellom Bergen og Stavanger, er potensialet for nyetableringar som til dømes rorbuer og andre lignande tilbod, absolutt tilstades. Straumen av cruisegjester til Haugalandet ser også ut til å auka og potensialet for å kunne selge opplevsar også til desse, er openbart. For å ta ein del av «opplevelsesturisme»- kaka, vil det vera naudsynt å tilretteleggje for samarbeid mellom grunneigarar, private aktørar, investorar og fagfolk innan feltet. Gjennom eit slikt samarbeid vil ein kunne vurdere om prioriteringane ein gjer (i fellesskap og for den enkelte) er dei rette - i den grad ein prioriterer.

Det finst ulike attraksjonar i kommunen i dag. Tilgongen til fylgjetenester (parkering, toalett m.m) er begrensa. Dette bør vidareutviklast. Kommunen manglar ein plan på marknadsføring av kommunen på generelt grunnlagm herunder marknadsføring av ulike attraksjonar og «opplevingsprodukt».

Tiltak

Basert på ei oppsummering av utfordringane ein har peika på ovanfor, vert fylgjande tiltak foreslått:

Tiltak: Invitere Dalane kommune; kva kan vi lære av «Helleren» som case?

Tiltak: Utarbeide, saman med næringa, plan for turisme som næring: «Meet the locals!»

Tiltak: Etablere(politisk/administrativ) arbeidsgruppe innaføre turisme.

(Ei arbeidsgruppe som i neste runde fungerer som gjennomfører av plan for turisme:

Inviterer til samarbeid mellom relevante aktørar.

Tilrettelegg for god informasjonsflyt (utarbeider og gjer tilgjengeleg mellom anna kart m.m

Definerer tydelege produkt/opplevingspakkar

Definerer 2, maks 3 satsingsområder (hovudattraksjonar) som let seg utvikla/framheva.

Tiltak: Tilrettelegge for parkering/oppstillingsplassar nær attraksjonar

Bustadbygging, Sentrumsutvikling, Samferdsel og kommunikasjon

Temaområda er handsama under eitt, basert på eit samla fokus på utviklinga av Føresvik som eit naturleg sentrum i Bokn kommune. Dette samsvarar og med måla i ATP Haugalandet om utviklinga av Føresvik som områdesenter.

Det er tatt omsyn til politiske føringar om spreidd bustadbygging og infrastruktur som gjer det mogeleg å bu og leve i heile kommunen.

Det vil vera avgjerande at tiltak blir sett i samheng med og inkluderte i kommunen sin økonomiplan.

Målsetjing

- Å auke folketalet i alle aldersgrupper
- Å arbeide for betre kollektivtilbod internt i kommune og mot kollektivknutepunkt
- Å konsentrere kommunen sin eigen innsats om å utvikle Føresvik som sentrum men samstundes gjere det mogeleg for private aktørar å utvikle områder utanfor sentrum til bustadføremål
- Å etablere senter med ny butikk og andre fasilitetar, t.d. kafé, frisør m.m. i samarbeid med privat næringsliv, døme er modell frå ATP Haugalandet:

«De 10 viktigste grepene for tettstedsutvikling»

1. Skap samspill mellom funksjoner
2. Bygg mange nye attraktive, sentrumsnære boliger
3. Økt fokus på folkehelse ved utvikling av sosiale møtestede - og satsing på kultur
4. Plasser barnehager, skoler og universiteter i sentrum
5. Transformer bygninger og parkeringsplasser til nye formål
6. Synliggjør kulturarv og kulturmiljøer
7. Utvikle sjøsider og elvebredder med nye bygninger, parker og plasser
8. Skap bedre tilgjengelighet for buss, sykkel og til fots
9. Skap dialog og klima for investering mellom nærings-, eiendoms- og offentlige aktører
10. Politisk vilje



Kilde: Michael Füller-Gee – på konferanse om regional plan 17. februar 2014.

- Å vere pådrivar for at det skal finnast bustadar i minst 4 kategoriar i kommunen:
- Leilegheit 1, normal standard, innstegsmodell
- Leilegheit 2, høgare standard, livslauf, par, seniorar
- Einebustad, innstegsmodell
- Einebustad, høgare standard

Det er viktig å påpeike at bustadbygginga har auka i Bokn dei siste åra og vidare vekst er venta og ønska.

- Å tilby tomter til næringsliv som ynskjer å etablerer seg i kommunen

Tiltak:

- Opprette komité med formål om å definere tiltak for å auke folketalet. Forslag til at ein lagar eit program for korleis kommunen skal få dette til. Dette skal vere eit samarbeid mellom politikarane og administrasjonen. Denne arbeidsgruppa må sikre at alle aldersgrupper i målgruppa blir høyrde i arbeidet.
 - Opprette eit eige Rogfast- utval som har som hovudfokus korleis kommunen kan vere i forkant og utnytte potensialet i denne utbygginga.
 - Utvikle kommunal kommunikasjonsstrategi for å belyse moglegheiter i kommunen, for innbyggjarar og næringsliv. Det er viktig å bygge merkevara «Bokn kommune» slik at kommune kan framstå som attraktiv.
 - Kartlegge kva som er viktig for dei som vurderer å busetje seg i kommunen
 - Etablere kollektivknutepunkt ved E39. Leggje til rette for bruk av ny teknologi for transport internt i kommunen og til kollektivknutepunkt ved E-39, t.d. utleige av el- sykklar og el-bilar, hent-meg-heime buss
- Mogeleghetsstudie: *Fase 1:* Utvikle 'tørrskodd' gang- og sykkelveg mellom Føresvik via Alvestadkroken til kollektivknutepunkt ved E39. *Fase 2:* Utvikle «tørrskodd» gang- og sykkelveg frå kollektivknutepunkt til bedehuset på Austre Bokn.
- Tilby næringsareal for nyetablering i ulike størrelsar og prisklassar.

- Avvikle område i kommuneplanen som ikkje blir bygd ut i løpet av planperioden

Moglegheit for kommunen:

Bokn kommune må nyttiggjere seg av potensialet som ligg i Rogfastutbygginga. P.t. har kommunen ei negativ befolkningsutvikling, noko som fører til færre barn i barnehage og skule. Dette rammar rekrutteringa til lag og frivillige organisasjonar, kundegrunnlaget for butikken og utviklinga av lokalsamfunnet generelt.

Kommunen har i dag ei til dels spreidd satsing på å utvikle ulike område i kommunen. Sett i lys av avgrensa økonomiske og administrative ressursar bør kommunen konsentrere eigen innsats om sentrumsutvikling. Kommunen bør likevel legge til rette for at private føretak og privatpersonar i eigen regi kan utvikle eller bygge i andre områder i kommunen.

Kommunen må vere i forkant av Rogfastutviklinga. Dette gjeld både i høve til bustadtomter, ferdige bustadar og næringsareal. I arbeidet med marknadsføringa av kommunen for nye innbyggjarar må kommunen i tillegg vere merksam på kva som kan vere drafaktorar for at Bokn blir valt blant fleire potensielle kommunar. Dette kan vere kvaliteten på tenestene kommunen tilbyr for ulike grupper, t.d. kvaliteten på barnehage og skule, kollektivtrafikk, fritidstilbod m.m. Her bør kommunen gjere ei kartlegging for å vite mest mogeleg om dette.

Samferdsel og kommunikasjon

Målsetjing

- Å utnytte utvida bu- og arbeidsmarknaden ved å ha tilgang til tilstrekkeleg tal på byggeklare bustadtomter og næringsareal.
- Å sikre god mobiltelefondekning i alle delar av kommunen.

Status

Kommunen har i dag forbindelse med sørfylket via ferjesambandet Arsvågen - Mortavika, og med resten av nordfylket via E39.

Kollektivtilbodet er avgrensa til Kolumbus sine bussruter til nordfylket, og til Kystbussen si gjennomgåande rute.

Avtalen med Haugaland Kraft har ført til at breiband-dekkinga er tilfredsstillande i alle delar av kommunen.

Mobiltelefondekkinga i store delar av kommunen er ikkje tilfredsstillande.

Utfordringar

Dei store vegprosjekta som er under planlegging og bygging, vil få konsekvensar også for Bokn kommune.

Som ein del av den planlagde utbygginga av E39 mellom Kristiansand og Bergen, vil Rogfast som er forventa ferdig i 2025/2026, leggje til rette for ein utvida bu- og arbeidsmarknad i regionen, og Bokn kommune må søkje å utnytte dette på ein optimal måte.

Tiltak

Utarbeide bustadbyggeprogram

Registrere område med dårleg eller manglande mobiltelefondekning

Sentrumsutvikling

Målsetjing

- Å utvikle Føresvik til å bli eit levande og attraktivt sentrum for kommunen, med variert busetnad og naturlege sentrumsfunksjonar i samsvar med vedtekne overordna arealplanstrategiar.

Status

Føresvik er kommunesenter. Her er dei viktigaste fellesfunksjonane samla på eit lite område, ved kaien som tidlegare var viktigaste kollektivterminalen i kommunen. Kommunen vil utvikla Føresvik - Alvestadkroken som tyngdepunkt i busettingsmønsteret i kommunen. Her skal det vera plankrav, høg arealutnytting og tilbod av ulike bustadtypar som einebustad, konsentrert småhus og leilegheiter i blokk.

I retningslinene til ATP Haugalandet er Føresvik definert som eit områdesenter, der det er føresetnaden at det skal vera tilgang til dei mest vanlege funksjonar i større tettstader utanom regiondelsentre.

Utviklinga er føreset å skje etter prinsippet «innanfrå og utover». I samsvar med dette prinsippet, og for å gjere det mogeleg å flytte ei verksemd som i dag er til hinder for å gjennomføre den overordna utviklingsstrategien, har kommunen fremja planar om utviding av byggearealet i Føresvik i form av ei utfylling i sjø ved hjelp av steinmassar frå Rogfastutbygginga.

Utfordringar

Styrking av Føresvik si sentrumsrolle, er i dag hindra av mangel på sentrumsnært areal for bustader, sentrumsfunksjonar og næringsføremål.

Plassering av Bokn Plast er også til hinder for å utvikle området med bustader og naturlege sentrumsfunksjonar, og det vil ikkje vera mogeleg å oppfylle intensjonen om å utvikle Føresvik sentrum i samsvar med ATP Haugalandet og den vedtekne planstrategien for kommunen, utan at det vert funne ei løysing som gjer at denne verksemda kan flyttast.

Tiltak

Ferdigstilling av dei framlegg til reguleringsplanar som ligg føre og naudsynte utgreiingar knytt til desse.

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2018 - 2030

Bustadbygging

Målsetjing

- Å auke folketalet
- Å oppretthalde busetnaden i alle deler av kommunen
- Å leggje til rette for levande bygder
- Å utvikla Føresvik - Alvestadkroken som tyngdepunkt i busettingsmønsteret i kommunen.

Her skal det vera plankrav, høg arealutnytting og tilbod om ulike bustadtypar som einebustad, konsentrert småhus og leilegheiter i blokk.

Kommunen ynskjer samstundes likevel at det skal vera mogleg å få byggja bustad i heile kommunen.

Status

Den gjeldande arealdelen i kommuneplanen er det avsett fleire område for bustadbygging, der det framleis ikkje ligg føre reguleringsplan. I tillegg er det under regulering eit område på Holmen i Føresvik som skal gje plass til ca. 100 bustader på eit utfylt areal i sjøen.

Det er pr. oktober 2018 7 kommunale byggemodne bustadtomter for sal . I tillegg er fleire bustadområde i privat eige under byggemodning.

Utfordringar

Mykje av det frigjevne arealet i kommuneplanen sin arealdel er ikkje opparbeidd og tilrettelagt. Dette er til hinder for nye planar i nye område. 3 av desse områda vart fjerna ved justering av kommuneplanen i 2018.


Sikre busetnad i alle deler av kommunen som grunnlag for eit sosialt miljø.

Bustadbygginga har ikkje auka trass i tilgang på ledige tomter.

Tiltak

Ny vurdering av grensa for kjerneområde landbruk (i tilknytning til rullering av arealdelen av kommuneplanen). Det er behov for å vurdere arealbruken på nytt i område som er lagt ut til bustadføremål, men ikkje tilrettelagde.

Retningslinjer for vurdering av dispensasjonssøknader.



Kjelder

«Bostedsevaluering Bokn 2017 - Bostedsattraktivitet blant nåværende innbyggere og utflyttede unge Boknere»

«Energi - og klimaplan Bokn kommune»

«Folkehelsa i Bokn 2015-2019»

«Planstrategi for Bokn kommune 2016-2019»

«Plan og bygningslova, 2008»

«Rådmannen sitt forslag til Drift - og investeringsbudsjett 2019 og Økonomiplan 2020-2022»

«Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen»

<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Klima/Klima--og-energiplanlegging/Bruk-av-statistikk-og-andre-tall/Hvordan-bruke-klimagasstatistikken-for-kommuner/>